

NORSK TIDEND

Framhald av **Fedraheimen** og **Den 17de Mai**



EI ANNA ORDBOK > 20–21

– Aasens verk fekk ein etterfølgjar i Nynorsk-ordboka, medan Norsk Ordbok blir redigert meir i **Hans Ross** si ånd, skriv Oddrun Grønvik.

DONALD PÅ NYNORSK > 8

– Det er flott med eit **Donald Duck**-hefte dedikert til nynorsk. Det er meir enn me kunne håpa på, seier Marit Aakre Tennø.

TRENG MEIR NORSK > 14–15

– Korleis kan me få norsk fagspråk til å utvikle seg side om side med engelsk? spør **Jorunn Simonsen Thingnes**.



Den nye forfattarrolla

Tidlegare kunne forfattarane kome inn i ein skuleklasse, lese høgt ei stund og så rusle heim att. I dag er ikkje det nok.

– Det må vere eit opplegg, seier **Lars Mæhle**, som har vore på bokbad på Nannestad bibliotek.

> 16–19

Oisann!

» I januar oppdaga Julia Brännström Nortug frå Sarpsborg kvifor me har sidemålsundervisning her i landet. Ho arbeider som politisk rådgjevar for landbruks- og matminister Jon Georg Dale frå Volda. Han skriv utelukkande nynorsk, og om Nortug skal skrive noko på vegner av han, så må det vere på nynorsk.

» Nortug fekk hakeslepp då ho oppdaga dette. Å skrive nynorsk er ikkje heilt enkelt, av di ho var i «boikott-modus» då ho fekk sidemålsopplæring i skulen. Difor går ho no på kurs hjå Språkrådet, og seier at ho gler seg til å skrive rett. Departementet skal ha skryt for at dei sender henne på kurs, og ikkje minst skal minister Dale ha ros for at han insisterer på språket sitt.

» Frp har gått til val og sit i posisjon med eit handlingsprogram som seier at partiet ynskjer «å gjøre den skriftlige og muntlige sidemålsundervisningen valgfri.» Om valfridomen hadde vore ein realitet då Nortug gjekk i skulen, ville ho truleg ikkje valt å ha sidemålsundervisning. No angrar ho sikker ørlite på denne «boikottmodusen».

» Det er litt moro at ein sidemålsmotstandar oppdagar at det faktisk er arbeidsplassar, attpåtil attraktive, freistande arbeidsplassar i dette landet som krev tospråkleg kompetanse. Kan me håpe på at «eg får aldri bruk for det»-påstan-dane bli litt færre frametter?

KJARTAN HELLEVE

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Lilleitorget 1, 0184 OSLO

Redaktør: Kjartan Helleve
kjartan.helleve@nm.no,
23 00 29 32

I redaksjonen:
Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Språksmia AS
smia@spraksmia.no



Ny + norsk = nyn

I HAUST RETT ETTER VALET lanserte Noregs Mållag sin kampanje NyNorsk – kampanje for nynorsk opplæring for vaksne innvandrarar. Etter å ha undersøkt feltet hadde me funne ut at av 113 nynorsk-kommunar, var det berre 39 som gav opplæring til vaksne innvandrarar på nynorsk. Voss gjorde vedtak ikkje lenge etter valet, og i desember kom dei som perler på ei snor: Hjelmeland, Ullenvang og Årdal. I januar har norskopplæringa i Florø avgjort at dei skal fasa inn nynorskopplæring, og i Osterøy kommune skal saka opp i kommunestyret på nyåret med positiv tilråding frå formannskapet. På få månader endar me altså mest sannsynleg på 6 nye kommunar som vil gje nye innbyggjarar med anna morsmål, opplæring på nynorsk.

Etter ein månad med jubel i målrørla byrja ein gamal kjenning å vakna. Riksmålsforbundet fekk tørka svevnen or augo etter vedtaket i Årdal. Ikke overraskande var det velmeinande rådet frå herrane på Oslo vest at innvandrarane måtte læra bokmål, dei kom uansett til å flytta til byen, og då var det ingen vits i å læra dei noko anna enn det lokale språket.

DETTE ER EIT KJENT ARGUMENT som har vore nytta mot nynorskundervising i nynorskommunane lenge. Mållaget sitt utgangspunkt for kampanjen er at statistikken syner oss at folkeveksten i distrikta i dag faktisk kjem frå utanlandsk innvandring. Bak statistikken løyner det seg to grupper: flyktningar med opphaldsløyve og arbeidsinnvandrarar. Begge gruppene skal læra seg norsk.



MARIT AAKRE TENNØ
Leiar i Noregs Mållag

Flyktningane av plikt, medan arbeidsinnvandrarar må meldha seg på og betala sjølve. Men begge desse gruppene går stort sett på norskkurs som kommunen held.

NETT NO AUKAR STRAUMEN AV FLYKTNINGAR, og kommunane får stadig førespurnader om å ta imot fleire. Difor er det naturleg at vi har merksemda retta mot flyktningane. Men i mange mindre kommunar er norskopplæring til arbeidsinnvandrarar ein like viktig del av kommunen sitt arbeid som den lovpålagde norskopplæringa til flyktningar. Og det er eit viktig perspektiv i denne saka. For kommunen er det norskopplæring til framtidige borgarar dei driv, uansett korleis dei har kome seg hit. Målet med norskopplæringa er rask integrering i lokalsamfunnet, og det er òg målet for det statlege integreringsarbeidet. Dei som kjem, skal verta verande.

MÅLLAGET HAR MERKA SEG avisartiklar og munnlege vitnesbyrd frå folk med anna morsmål enn norsk. Dei melder at det er problematisk at kommunen gjev dei nye innbyggjarane opplæring i eit

– Ja, eg støypte ned ein Daim-sjokolade, til barnebarnet si store fortviling. Men no kan eg i alle fall seie at eg «sjølv heve tuftene grave, og sett sjølv sine hus oppå DAIM».

Anders Brekke fortel Firda kva som skjuler seg under hans eiga vesle stavkyrke

– Arne Garborg har eg vakse opp med, mamma har snakka om og fortalt oss om han; me har rett og slett fått Garborg inn med morsmølka. I vår heim er han ei superstjerne.

Aune Sand til Jørbladet

– Det er rart med dere Maalfolk. De eneste som husker mig, først De og nu Leiv Sem.

Brev frå Knut Hamsun til Olav Gullvåg 29.05.1947

– På bergenske skoler og arbeidsplasser skal det være helt naturlig å skrive nynorsk, og i det bergenske kulturlivet skal det være helt naturlig å oppleve nynorsk litteratur. Slik blir Bergen nynorskhovedstaden. Det er den draumen me ber på.

Leiarartikkel i Bergens Tidende

– Norge har forvaltet sin oljeformue bedre enn andre nasjoner i samme situasjon. Tilfeldig? Neppe! Jeg gir norskfaget æren. Jeg bekjenner her ved min tro på norskfaget. Norrønt, sidemål og diktanalyser er viktig for vår produktivitet.

Thom Jambak i eit innlegg i Aftenposten

– Jeg synes elevene lærer nok. Jeg kommer ikke på noen andre land som har to offisielle skriftspråk i tillegg til at det skal læres engelsk og et annet fremmedspråk.

Joakim Sennesvik (H), fylkestingsrepresentant i Nordland, til Avisa Nordland

– Da jeg for noen år siden fortalte på en radiosending at jeg ikke snakket samisk, ble det snakk blant likesinnde om at jeg hadde stått frem. Det er like tabu som oppvokst i bygda å innrømme dette, som det er å stå frem med en annen legning.


Alfred Larsen i eit lesarinnlegg i Altaposten

– Mens vi stadig venter på at Cecilia Brækhus skal bokse tittelkamp på norsk jord, fikk vi 12. januar anledning til å sitte ringside i kampen om litteraturen. Ryktene om Dag Solstads oppgjør med Olav Duun på Nasjonalbiblioteket, hadde for lengst kommet drivende med sosiale og trykte medier. Nå skulle det holdes returkamp på Bergen offentlige bibliotek.

Heming Gujord i Bergens Tidende

– Det er en god kvalitet med Skandinavia, vi kan sitte på en bråkete kafé og lage et intervju på vårt felles språk. Det er totalt umulig i Sverige. Jeg opplever at de ikke viser vilje til å forstå hva jeg sier. Det er ergerlig om vi må begynne å snakke engelsk, for vår skandinaviske kultur handler også om vårt felles språk.

Danske Henrik Day Poulsen til Dagsavisen



Illustrasjon: Kjartan Helleve

orsk

anna språk enn det kommunen sjølv nyttar, og som ungane får opplæring i på skulen.

Det er openbort at det finst ulemper og føremoner både med bokmålsopplæring og med nynorskopplæring. At nokon meiner opplæring på fleirtalsspråket er lettast, er ikkje eit syn me berre møter på dette feltet. Nesten kvar dag kan ein i ei eller anna lokalavis i Noreg lesa om nokon som meiner det same om media eller skuleverk. Fleirtalsspråket er nok.

DET UMOGLEGE I Å VERA SPRÅKNØYTRAL bør bankast inn som ålmenn kunnskap: I språkspørsmål kan ein aldri vera nøytral, ein må velja det eine eller hitt. Frå dei som ikkje ynskjer nynorskundervising, høyrer me at dette ikkje må verta språkpolitikk. Svaret mitt på det er at det alt er språkpolitikk. Sjølv sagt er spørsmålet om kva språk ein lærer dei som kjem til kommunen, språkpolitikk. I nokre nynorskkommunar har så mange som 15 prosent av dei som bur i kommunen, innvandra frå andre delar av verda. Om kommunen heilt medvite lærer 15 prosent av folket eit anna språk enn det kommunen brukar, så er det klart det er ein massiv bokmålskampanje som ikkje berre er språkpolitikk frå dag til dag, men som får språkpolitiske konsekvensar på sikt.

UNDER NYNORSKSTAFETTEN I RYFYLKE i fjor haust såg me fleire døme på korleis denne bokmålsproduksjonen får konsekvensar. Nynorskular meldte at dei skilta skulemiljøet på bokmål for at foreldra som kommunen gav bokmålsopplæring, skulle forstå og kunne orientera seg. Lærarar og innbyggjarar la om

språket og tok til å tala bokmålsnært. Effekten som majoritetsspråksbrukarar som ikkje meistrar mindretallet sitt språk, har, er velkjend. Treffer 10 samisktalande kvarandre saman med éin norsktalande, vil alle tala norsk. I tekstsamarbeid mellom 4 bokmålskrivande og 6 nynorskskrivande er det oftast dei nynorskskrivande som må gje seg.

LIKEVEL ER ME HELDIGE I NOREG. Bokmål og nynorsk er jamstilte språk, og skal kunna brukast over alt i samfunnet. Alle skal få opplæring i begge språka på skulen, og dei er gjensidig forstäälege. Difor er det ikkje noko stort problem om ein nynorskbrukande eritrear med norsk pass flyttar frå Sandane til Bergen. Sjølv om Bergen er ein by der majoriteten brukar bokmål. Nynorsken er open for kven som helst, uavhengig av hudfarge og etternamn. Og hamnar du på sjukehus i Bergen, finst det berre éin måte å orientera seg på, nemleg på nynorsk.

“ Det umoglege i å vera språknøytral bør bankast inn som ålmenn kunnskap

Færre gjester i Årets museum

LIKEVEL FLEIRE BESØKANDE

enn rekna med i Nynorsk kultursentrums.

Olav H. Hauge-senteret nådde besøksmålet på 5000 gjester i 2015, etter den offisielle opninga i september 2014.

Totalt var 24100 gjester innom Haugesenteret i Ulvik og Aasentunet i Ørsta i 2015. Det er 4600 færre enn året før. Men likevel 6 prosent meir enn budsjettet, ifølgje ei pressemelding.

Nynorsk kultursentrums hadde samla inntekter på 26,1 millionar kroner, ned frå 31 millionar i 2014. Institusjonen har no 18 faste medarbeidarar i Ørsta og Ulvik, éin meir enn året før.

ÅRETS MUSEUM

Nynorsk kultursentrums vart hausten 2015 tildelt prisen Årets museum 2015 av Norges museumsforbund. I grunngivinga si kalla juryen Nynorsk kultursentrums ein pioner i museums-Noreg med «en bemerkelsesverdig offensiv og framtdsrettet strategi» og trekte mellom anna fram initiativet til og arbeidet med å danne eit globalt nettverk av språkmuseum.

Eit anna viktig prosjekt i 2015 har vore arbeidet med å sikre framtida til språksamlingane frå Universitetet i Oslo. Kunnskapsdepartementet avgjorde før jul at Universitetet i Bergen, i samarbeid med Høgskulen i Volda, skal ta over samlingane.

– Ein samordna aksjon nådde fram, der vi kombinerte faglege argument, ein brei allianse av språkvitskaplege miljø, mange brev og avisoppslag, og samtalar med statsrådar, partileiarar og komiteleiarar, seier direktør Ottar Grepstad i Nynorsk kultursentrums.



Aasentunet: Færre gjester, men høg aktivitet. Foto: NPK

Hauge-senteret nådde måla Olav H. Hauge-senteret opna hausten 2014 og hadde sitt første heile driftsår i 2015.

– Det er svært gledeleg å sjå at avdelinga har nådd måla sine i 2015. Den ambisiøse målsettinga med 5000 gjester blei innfridd gjennom eit innhaldsrikt og variert kulturprogram, godt besøk i utstillingane og eit vellykka fagseminar om poetisk tenking og diktarrola, seier dagleg leiar Geir Netland på Hauge-senteret.

HØG AKTIVITET

Ivar Aasen-tunet, som er den største avdelinga i Nynorsk kultursentrums, auka aktiviteten utanfor tunet i 2015. Etableringa av nye utebibliotek i sju kommunar på Søre Sunnmøre og i Nordfjord blei svært godt tatt imot av både små og store lesarar og opnar fleire dører for nynorsk barnelitteratur i regionen.

– Temautstillinga «Språk til sals» sette sokelys på eit tema det har vore lite forska på til no, og bidrog til meir kunnskap om nynorsk som reklamespråk, seier dagleg leiar Gaute Øvereng i Ivar Aasen-tunet.

SVEIN OLAV B. LANGÅKER
framtida.no

Håpar på oppsving i byen

Ved nyttår flytta **Hordaland Teater** til Bergen sentrum. Teatersjef Terje Lyngstad håpar den nye plasseringa skal gjera teateret meir attraktivt både for publikum og skodespelarar.

– Forventingane er at den nye plasseringa skal gjera nynorskteateret meir synleg både i Bergen, i Hordaland og på heile Vestlandet, seier Lyngstad, som 1. januar tek til som ny teatersjef for Hordaland Teater etter tolv år som teatersjef for Sogn og Fjordane Teater.

Teatersjefen trur flyttinga til ærverdige Logen i Bergen sentrum også vil gjera det meir interessant for gode skodespelarar å spela på Hordaland Teater.

– Eg har difor store forventingar til at vi både skal få til gode produksjonar og til at publikum finn vegen inn på ein heilt annan måte, seier Lyngstad. Han håpar dette også skal visa att på inntektene til teateret.

GAMMAL DRAUM Hordaland Teater har lenge hatt planar om å flytta frå lokala på Stend i Fana til Bergen sentrum. Lyngstad synest det er spesielt å ta over leiinga av teateret samtidig som draumen går i oppfylling.

– Eg kjenner meg ganske audijsjuk som får ta over som teatersjef akkurat når det skjer, seier Lyngstad. Han peikar på at det har vore arbeidd jamt og trutt med flytteplanane nesten heilt sidan teateret blei etablert for vel 25 år sidan.

BYGGJEPANAR Regioneteateret har store planar for framtida. Planen er å byggja om og utvida lokala for 60 millionar kroner.

– Vi kjem til å bruka Logen som den faste spelestaden vår frå nyttår. Samtidig held prosessen fram med å byggja ut lokala slik at dei er tilpassa teateret, seier Lyngstad.

Utbyggginga omfattar mellom anna biscener, verkstad, garderobar og administrasjonsverkstad.

Torsdag presenterte Terje Lyngstad det første programmet sitt for Hordaland Teater. God samtdramatikk for barn og vaksne er viktig for den nye teatersjefen. 19. februar blir det premiere på barne-

Førde fekk nynorskheider

FØRDE FEKK ROS for å vere ein pådrivar for nynorsken då ordførar og kommunalsjef tok imot utmerkinga «Årets nynorskkommune 2015» frå kulturminister Linda Hofstad Helleland i midten av januar.

Det var kjent frå før at Førde kan kalle seg «Årets nynorskkommune 2015», men torsdag kunne ordførar Olve Grotle (H) og kommunalsjef Trond Ueland ta imot beviset. Kulturminister Linda Hofstad Helleland (H) overrekte prispengane på 100.000 kroner under ei markering i Kulturdepartementet.

– Det blir gjort godt arbeid i mange nynorskkommunar. De gjer

spesielt godt arbeid og er ein pådrivar i regionen, sa Hofstad Helleland, og viste mellom anna til prosjektet «Nynorskbyen Førde», eit prosjekt med fleire nynorsktiltak som hadde oppstart i fjor.

NYNORSKBYEN Juryen meiner kommunen viser «eit reelt språkpolitiske engasjement og ein vilje til å leggje til rette for eit større nynorsk-miljø både i kommunen og regionen». I søknaden har kommunen kunna vise til tiltak innanfor både næringsliv, kulturliv, kommunal forvaltning og skuleverk. Juryen gir Førde særleg ros for «den solide, ny-

norske språkopplæringa» for barn og unge.

– Sjølv om Førde ligg i kjerneområdet for nynorsk, er det viktig at det vert arbeidd aktivt for at nynorsk skal vere det sjølvlagde språkvalet for dei som bur og arbeider på staden, skriv juryen i grunngjevinga si, og meiner det vil gi positive ringverknader at den største tettstaden i regionen er ein nynorskpådrivar.

– Stoltheit er eit viktig stikkord for nynorsk og språk. Dette er ikkje pris til berre Førde kommune, men til heile regionen. Nynorsken står sterkt i Sogn og Fjordane, sa Grotle under markeringa.

– IKKJE RAUDPENN Førde er oppteken av å fremje dei positive sidene ved nynorsken, ikkje av raudpenn og å finne feil, streka Grotle og Ueland under. Prispengane har kommunen fleire planar for.

– Vi har fleire sektorar vi vil satse på. Vi kjem til å vere ekstra påpasslege med nynorskdelan av opplæringa vår. Vi har mellom anna eit samarbeid med Samlaget om å teste nynorskboeker, fortalte Grotle.

Han viste til at også næringslivet i Førde er flink til å bruke nynorsk. Innanfor kulturlivet går førdiana-rane med planar om eit litteraturhus

STORSATsing:

Ein ny versjon av den populære fram-syninga «Singel og Sand» frå 2005 blir ei av storsatsingane til Hordaland Teater neste år. Skodespelarane blir dei same som den gongen. Her Cato Jensen i aksjon.

Arkivfoto: Tor Erik H. Mathiesen / Hordaland Teater



AUDMJUK OG GLAD: – Eg kjenner meg ganske audmjuk som får ta over som teatersjef på same tid som Hordaland Teater flyttar til Bergen sentrum, men det er veldig kjekt, seier nytilsett teatersjef Terje Lyngstad. Foto: Tor Erik H. Mathiesen / Hordaland Teater)

framsyninga Rekneprinsen av Erna Osland.

– Framsyninga har tidlegare vore sett opp i Sogn og Fjordane, men eg tenkte den gongen at vi ikkje kom heilt i mål med stykket. Eg ønskjer difor å setja det opp på nyt.

Rekneprinsen handlar om ein gut i 10-12-årsalderen som lever åleine med mor si, og som leitar etter ein far. Gjennom samarbeid med Den kulturelle skulesekken skal stykket også på turné til skular i Hordaland.

VIL BRUKA JON FOSSE Lyngstad har fleire gonger sagt at han ønskjer å setja opp teater av Jon Fosse på Hordaland Teater. 21. september går draumen i oppfylling. Då blir

det premiere på framsyninga Namnet.

– Det å brukte Fosse blir heilt sentralt i satsinga på samtidsdramatikk, seier teatersjefen, som ønskjer å arbeida med Fosse minst éin gong i året.

Han trur mange vestlendingar er meir og meir interesserte i og nyfikne på dramatikken til Jon Fosse – ikkje minst etter at Fosse tidlegare i år fekk Nordisk råds litteraturpris.

– Eg har lyst til at Hordaland Teater tek den posisjonen at vi spelar og representerer han.

I NY DRAKT For å nå eit breiare publikum set Hordaland Teater til hausten opp ein ny versjon av framsyninga Singel og Sand, som teateret hadde stor suksess med for ti år

sidan. Også denne gongen blir framsyninga presentert som ein revy med små historier, sketsjar og songar. Framsyninga byggjer på musikken og visene til Josef G. Larsen og Monrad Holm Johnsen. Mange av songane deira har blitt ein viktig del av den vestlandske folkesjela.

– På denne måten håpar vi å nå ut til mange og visa at nynorsk sene-nespråk er både opplagt og naturleg i Bergen – spesielt når det dreier seg om kystkulturen og det vestlandske, seier Lyngstad.

For dei aller minste hentar teateret fram att dokketeaterframsyninga «Egget» med dokketeater-skodespelaren Ljudmil Nikolov, som har vore ein klassikar frå Hordaland Teater.

GJESTESPEL OG SAMARBEID

I tillegg til eigenproduksjonar legg teatersjefen vekt på samarbeid med andre teater og andre arrangørar.

– For eit nynorskteater er det viktig å presentera god, norsk scenekunst utanom det vi lagar sjølv. Å få inn gjestespel frå Sogn og Fjordane Teater og Det Norske Teatret blir difor heilt avgjerande, seier han.

Hordaland Teater skal også samarbeida med andre arrangørar. Saman med HiHat og Bergen Live set teateret opp «Lampefeber», som er ei jubileumsframsyning om Helge Jordal. Stykket har premiere 17. februar, same dagen som den folkekjære skodespelaren rundar 70 år.

MARGUNN SUNDFJORD/NPK

utan hus, som eit nettverk av arrangerstader.

– Vi ønskjer å etablere eit litteraturhus, ikkje i fysisk forstand, men som ein måte å arrangere på. Der vil vi leggje til rette for ulike arrangement der nynorsk er eitt av nøkkelomgropa, fortalte ordføraren.

NYTT DEPARTEMENT Nynorsk-prisen har blitt delt ut sidan 2009. Til no er det Kommunal- og moderniseringdepartementet som har delt han ut. Dette er første gong utdelinga skjer i regi av Kulturdepartementet. Også Hareid kommune sende inn søknad for 2015.

Juryen har vore sett saman av seksjonssjef i Språkrådet Kristin Solbjør, generalsekretær i Landslaget for lokalviser Rune Hetland, direktør i Nynorsk kultursentrum Ottar Grepstad og dagleg leiar i Noregs Mållag Gro Morken Endresen.

BENEDIKTE GROV/NPK

Forde-ordførar Olve Grotle, kulturminister Linda Hofstad Helleland og kommunalsjef i Førde Trond Ueland under overrekkinga av prisen «Årets nynorskkommune 2015» torsdag.
Foto: Benedikte Grov / NPK



Bergen skal bry seg om

Bystyret i Bergen har vedteke å styrke arbeidet med å sikre rettane til elevar med nynorsk som hovudmål.

Det er 597 elevar i Bergen med nynorsk som hovudmål. 122 av desse går i ungdomsskulen. Tidlegare har ikkje Bergen kommune brydd seg særskilt om problema desse elevane møter i kvardagen. Men til det fyrste bystyremøtet i år hadde Øystein Hassel (A) og Reidar Staalesen (A) levert ein interpellasjon om sikring av rettane til nynorskelevane på ungdomstrinnet.

Framlegget tok utgangspunkt i at opplæringslova ikkje sikrar nynorskelevar undervisning på nynorsk, og at dette er noko dei som sit med ansvaret for opplæringa, må syte for. Vidare tek framlegget også tak i at dei rettane som faktisk finst, t.d. å få lærebøker på nynorsk, blir brotne. Hassel og Staalesen ville difor ha med seg bystyret på dette vedtaket:

«Ungdomsskulane i Bergen som tek imot nynorskelevar bør derfor:

1. På førehand ha kartlagt kva elevar som skal ha nynorsk på skulen.
2. Nynorskelevane skal få utdelt lærebøker på nynorsk og skal sleppe å be særskilt om å få det.
3. Nynorskelevane skal få alle prøver og testar på nynorsk og skal sleppe å be særskilt om å få det.
4. Nynorskelevane skal så langt det er råd få alt skriftleg materiell på nynorsk.

5. Nynorskelevane bør så langt det er råd få gå i same klasse slik at dei slepp å vere dei einaste nynorskelevane – å vere åleine eller få gjer dei endå meir utsette. Å samle nynorskelevane gjer det òg lettare å få til best mogleg undervising for dei. På skular med ein stor del nynorskelevar bør desse om det er råd få gå i ein eigen klasse.»

BYRÅDEN SAMD – Me meiner at ungdomsskulular som tek i mot nynorskelevar, skal vere førebudde på dette, sa Hassel frå talarstolen då han la fram interpellasjonen.

– Skulane bør strekkje seg langt for å late nynorskelevar gå i same klasse. Lærebøkene skal vere klare frå skulestart, og me ser helst at prøvar og anna skriftleg materiell blir gjeve ut på nynorsk til desse elevane. Dette er ei prinsipielt viktig sak, der me som det øvste organet i kommunen kan sende eit signal til skulane om at dei skal legge til rette for språkleg mangfald og syte for at bokmåls- og nynorskelevane blir handsama likt, sa Hassel.

– Eg deler engasjementet og intensionane i framlegget, sa Roger Valhammer (AP), vikarierande byråd for barnehage, skole og idrett.

– Men eg ynskjer ikkje å påleggje skulane å lage prøvar og annan skriftleg informasjon på nynorsk, då det vil vere altfor arbeidskrevjande for den enkelte lærar. Men me kan sjølvsgått oppmøde dei om å gjere det. Like eins er eg i utgangspunktet samd i at nynorskelevar bør gå i den same klassen, men eg trur det blir feil å gjere det til den einaste regelen. Det kan vere andre grunnar til å late dei gå i ulike klassar, t.d. sosiale eller pedagogiske grunnar, sa Valhammer.

Ordskiftet som følgde, gjorde det tydeleg at framlegget ville få fleirtal, då dei eine partiet etter andre gjekk på talarstolen for å seie kor viktig dette arbeidet var. Dei einaste som flagga motstand, var FrP. Raudt ville ha inn ein merknad om at det var viktig å ta vare på dei små nynorsk-skulane, som Riple og Haugland. Dei er no truga av nedlegging.

VILLE GÅ LENGER Laila Melkevoll (SP) ville gå lengre. Ho meinte at framlegget var godt, men ville at kommunen også burde sjå nærmare på korleis han kunne stø opp om arbeidet med å skipe til nynorskklasar alt frå 1. trinn.

– Skular i Bergen motarbeider retten til å lage eigne nynorskklasar, og slik kan me ikkje ha det i nyorskens hovudstad, sa Melkevoll.

– Bergen kommune må tydeleg kunnjere retten til og vilkåra for å lage nynorskklassar for borna som startar i fyrste klasse, og leggje til rette for det ved å søkje å samle foreldre som ynskjer nynorsk for sine ungar. Eg veit om foreldre som kjenner seg motarbeidde i forsøka på å lage slike klassar, sa Melkevoll og ville ha eit vedtak om dette.

Men byråden såg ikkje nokon grunn til at det skulle handsamast no. Han lova likevel å sjå dette i samanheng og å fylge opp denne tanken.

Framlegget vart vedteke mot røystene til Frp.

Andreas Madsen Berg (SV) vikarierer i bystyret for Oddny Miljeteig. Og han tek varaoppgåvene sine seriøst. Til slutt i innlegget oppmoda han nemleg alle i salen om å melde seg inn i Mållaget.

– På den måten kan me styrke arbeidet for nynorsk, sa Berg.

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no



Rapport støttar at elevar får tre

Bør elevar få berre éin karakter i norsk – og ikkje tre, som i dag? Ein forskingsrapport finn førebels ikkje grunn til det.

Hausten 2013 starta eit prøveprosjekt for å vurdere om karakterar i skriftleg hovudmål, skriftleg side-mål og munnleg norsk er for mange. Bør tre norsk-karakterar erstattast med berre éin eller to?

Forskarane Idunn Seland, Berit Lødding og Tine S. Prøitz har undersøkt om færre karakterar

kan vere svaret på utfordringane i norskfaget.

– Svaret vårt på dette spørsmålet er eit nei, eller nei, ikkje umiddelbart, skriv forskarane i NIFU-rapporten, som blei lagt fram i slutten av april.

Rapporten er likevel berre første steg på vegan og baserer seg på ein gjennomgang av litteraturen i faget. Forskarane understrekar at dei derfor tek atterhald i konklusjonen sin.

Likevel meiner dei det er grunn til å stille spørsmål ved om færre karakterar vil løyse problemet norskfaget slit med. Så lenge alle kompetanse-måla i faget skal telje med i vurderinga og det ikkje er forskjell på kva elevar i forsøksklasser og ordinære klassar skal lære, ser dei liten gevinst.

- INTERESSANT Då ein debatt om norskfaget gjekk for nokre år tilbake, uttrykte Noregs Mållag skepsis til ein felleskarakter, mellom anna fordi dei meinte karakterar er styrande for undervisninga.

– I lys av debatten som gjekk i 2012 og 2013, er det interessant at den første delrapporten konkluderer med at å redusere talet karakterar kanskje ikkje er svaret, noko vi også meinte, seier leiar i Noregs Mållag Marit Aakre Tennø.

Ho er spent på kva dei neste rapportane frå Nifu vil seie om ny-norskkompetansen til elevane som deltek i forsøket.

– Det blir interessant for oss å sjå, seier mållagsleiaren.



Leiar i Noregs Mållag, Marit Aakre Tennø. Foto Kjartan Helleve



PREBEN SØRHEIM
Dagleg leiar i Kringkastingsringen

nynorskelevane



– Me bergensarar likar å sjå på Bergen som vestlands-hovudstaden, og då må me samstundes vere rause med nynorsken, meiner Øystein Hassel.

Foto: Karina Asbjørnsen

Ikkje overraska

ØYSTEIN HASSEL vart ikkje overraska over at han fekk med seg bystyret på interpellasjonen.

– Eg hadde tru på at det skulle bli vedteke og ville berre blitt overraska om også Framstegspartiet hadde støtta framleggget. Dei har jo aldri vore særleg opptekne av rettane til nynorskbrukarar. Så lenge det dreidde seg om hovudmålopsplæringa, så var det grunn til å tru at også Høgre ville støtte det. Noko dei også gjorde, seier Hassel.

Han har vore oppteken av nynorsk i skulen lenge, og arbeidde hardt for at AUF skulle gå i mot dei radikale endringane i si-demålsundervisninga som Kristin Halvorsen gjorde framlegg om for nokre år sidan. Difor kunne han ikkje dy seg frå å nyttre høvet til sparke Høgre litt på leggen, og refererte mellom anna til brenning av ordlistar.

– Nei, for eg tykkjer det høyrer med. Eg har vore i mange ordskifte med ungdomspolitikarar, og eg har hørt representantar snakke veldig stygt om nynorsk. Difor tykkjer eg det er på sin plass å minne partiet på dette i eit ordskifte som handlar om nynorsk i skulen.

– Under handsaminga kom det eit framlegg om

at kommunen også burde leggje meir til rette for nynorskklassar alt frå fyrste trinn.

– Ja, og byråden sa at han skulle sjå nærmare på det. Grunnen til at vårt framlegg konsentrerte seg om ungdomsskulen, er at elevane der har høve til å velje hovudmål sjølv, men også at læraren sjølv vel kva målform ho eller han vil undervise på. Det har kome innspel frå dykk i mållaget om at det er særleg der skoen trykkjer, så dette var eit svar på den utfordringa.

– No har det vore to veldig gode nynorskvedtak i bystyret det siste året, og omgrepet nynorskbyen Bergen vart ofte nyttå frå talarstolen. Kva er det som skjer?

– Eg har alltid sett på Bergen som ein nynorskby, då me ligg midt i eit fylke og ein region der nynorsken står særleg sterkt. Me bergensarar likar å sjå på Bergen som vestlandshovudstaden, og då må me samstundes vere rause med nynorsken. Dessutan har Bergen òg ein del nynorskbrukarar, sjølv om dei er i mindretal samanlikna med bokmålsbrukarane. Då har me eit spesielt ansvar for å vareta nynorsk-elevane i skulen.

KJARTAN HELLEVE

karakterar i norsk

SPØR LÆRARANE I løpet av våren skal forskarane snakke med lærarane som har delteke i prosjektet og spørje dei korleis dei opplevde den nye ordninga. Det vil gi grunnlag for ein ny delrapport, som er planlagt i desember.

Forsøket starta med ei gruppe utvalde vidaregåande skolar. Kvart halvår fekk elevane ei vurdering med éin eller to karakterar i norsk.

I fjor haust blei forsøket utvida til også å gjelde ungdomsskular. Skular i Bergen, Kongsvinger, Nesodden, Tromsø, Asker og Oslo slo saman norskarakterar for elevar i 8. og 9. klasse.

Målet med studien er å sjå på om færre karakterar vil vere betre

for norskundervisninga og vurderingane som elevane får.

Forskarane stiller spørsmål om kva for problem færre karakterar eventuelt vil løyse. Skal ein diskutere å redusere karakterar, vil det vere nødvendig å gå tilbake til læreplanen og også til sjølve grunnlaget for utdanningsreforma Kunnskapsløftet, påpeiker dei.

UNDERVISNINGA VARIERER

Norskfaget er svært vidfemnande, og lærarar klagar over at faget manglar kjerne og klare retningslinjer for prioritering, ifølgje rapporten.

Det har ført til at undervisninga varierer frå skule til skule, og at kvar enkelt lærar har sin måte å organisere undervisninga på.

Særleg litteraturundervisninga er kjenneteikna av varierande forståing og ideal.

– Sjølv om praksisen varierer mellom enkeltlærarar og skular, tyder dei gjennomgåtte bidraga på at praksisen til lærarane er gjennomtenkt, og at han er forankra i læreplanen, skriv forskarane.

Gjennomgangen viser at det er det skriftlege arbeidet elevane gjer, som i størst grad blir vurdert. Tilbakemeldingar frå lærarane om dei munnlege ferdighetene til elevane kan skildraast som svakt utvikla, heiter det i rapporten frå Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU).

ANNE MARJATTA GØYSTDAL
NPK

Netflix og nynorsk

FOR OM LAG EIN HUNDRELAPP

i månaden kan du velje mellom tusenvis av filmar og fjernsynsseriar som du kan sjå når og kvar som helst, så lenge du har tilgang til internett. Fleire og fleire av oss nyttar strøymetenester for film og tv-seriar, som norske TV2 Sumo og NRK nett-tv, svenske Viaplay og amerikanske HBO Nordic og Netflix. Særleg unge flyt med straumen, vekk frå tradisjonelle fjernsynskanalar.

BRUKARTAL FRÅ TNS GALLUP

synte at amerikanske HBO og Netflix til saman omsette for om lag 700 millionar kroner i fjor. Men Netflix har den desidert største marknadsdelen av dei to. Ifølgje medienettstaden Kampanje.com syner «ferske» tal frå TNS Gallup at 32 prosent av norske hushald er Netflix-tingarar. Den amerikanske strøymetenesta byrjar å nærme seg 700.000 brukarar i Noreg.

SIDAN NETFLIX BYRJA i Noreg i 2013, har tenesta sitt samla nynorsktilbod sett slik ut: 1) Episodetitlane i barneserien Masha og Mishka er på nynorsk (medan episodeskildringane er på bokmål). 2) Tekstinga av salmen «Vår Gud Han er så fast en borg» i episode tre av House of Cards sin fyrste sesong er på nynorsk. Resten av det norskspråklege uttrykket har, så vidt eg kan sjå, vore på bokmål.

PÅ NETT ER NETFLIX STØRRE

enn NRK nett-tv og halar innpå VGNett. Likevel snakkar me for lite om dei kulturelle følgjene som kjem av våre nye medievanar. Kringkastingsringen vil vera med å påverke språket til strøymetenestene.

I 2013 VART KRINGKASTINGSLOVA

endra til å omfatte såkalla «audiovisuelle bestillingstjenester». Strøymetenester som Netflix er soleis underlagt kringkastingslova, men det er endå uklart kva slags regulering som vert gjeldande i praksis. Ta til dømes kringkastingslova § 2-16, som seier at sjårar skal få tilgang til namn, adresser, e-postadresser og telefonnummer som lét dei ta direkte kontakt med tenestetilbydaren. Slik kontaktinformasjon har ikkje Netflix i Noreg.

Kringkastingsringen tek gjerne i mot tips til telefonnummer som ikkje berre leier rett til ein kunde-handsamar.



I tillegg til klassikaren Eggemysteriet, inneheld heftet to relativt nye historier skrivne av Olaf Solstrand. Frå heftet

Donald på nynorsk

For fyrste gong sidan 80-åra har det kome Donald-historier på nynorsk.

2015 opna med ei gladnyhende for alle nynorskglade Donald-fans. Då var det for fyrste gong på mange tiår nynorsk i snakkeboblene i Donald Duck & Co. Då Framtida spurde Donald-redaktør Marius Molaug om det var fleire nynorske andeforteljingar i vente, svara han at: «kanskje det kjem om dei startar eit Facebook-oppdrag eller fakkeltog.»

Den oppmodinga tok Mållaget på strak arm, og i skrivande stund

har over 2200 likt Facebook-oppdraget «Nynorsk i Donald? Ja takk!».

No har Donald-redaktøren gjort som han lova.

LES NYNORSK MED DONALD

4. juledag kom albumet «Les nynorsk med Donald Duck» i butikkhyllene. Det enkeltståande teikneserie-albumet inneheld Barks-klassikaren «Eggemysteriet», i tillegg inneheld albumet to andre Donald-historier på nynorsk. Det er også tre faktaartiklar i albumet, mellom anna ein om språk skriven av Rolf Theil.

Ifølgje Molaug er albumet eit svar på det folkelege engasjementet.

– Det var veldig morosamt med merksemda sist. Facebook-oppdraget for nynorsk sette i gang tankegan-

gen, og dette albumet er ein slags respons på engasjementet, seier han.

Albumet er enkeltståande, og redaktøren vil ikkje lova at Donald vert fullt av nynorsk framover. Først vil han sjå korleis det går med dette nummeret.

– Det er veldig gøy at så mange tykkjer Donald er kult og er opp-tekne av språket. Nynorsk er ein del av det norske språket, og vi hører jo på folket, seier Molaug.

– FORTENER HEIDER – Det er utrøleg kjekt at det no kjem eit Donald Duck-hefte dedikert til nynorsk, seier Marit Aakre Tennø, leiar i Noregs Mållag.

– Donald Duck-utgjevar Egmont skriv i føreordet til bladet at dette

gjer dei for å syna kor interessant det er med våre to målformer. Det fortener all heider og er meir enn me kunne håpa på då me starta kampanjen, seier Marit Aakre Tennø.

– Det finst nesten ikkje teikneseriar på nynorsk for ungars. Donald Duck er eit svært populært blad og at dei no gjev ut to nynorske historier i same hefte, gjer det mogeleg for norske ungar å få lesa litt meir nynorsk. Me får håpa at det ikkje går 30 år til neste gong, men at nynorsken kan finna ein plass i Donald, slik han har elles i samfunnet, seier Tennø.

TORA HOPA / FRAMTIDA.NO / HEGE LOTE

– Hald på nynorsken, Møre og Romsdal!

MONICA MOLVÆR FRÅ HØGRE

har gjort framlegg om at Møre og Romsdal fylkeskommune bør verte språknøytral for å spare pengar.

– Noregs Mållag vil oppmøde fylkestinget i Møre og Romsdal om å halde fast på nynorsk som administrasjonsspråk, seier nestleiar Sigbjørn Hjelmbrekke.

– Det er viktig å ta vare på lokal språkleg identitet og eigenart. Nynorsk har gjennom hundre år gjeve folk språkleg sjølvtiltill til å snakke eigen

dialekt i alle samanhengar. Dette har også bydialektane i Møre og Romsdal nytt godt av, og det gjer dei framleis. Utan nynorsken ville det vore ugreitt å snakke dialekt i riksmedia.

Han meiner at fylkeskommunen er ein særskilt skriftspråkprodusent, og det fylkeskommunale språket er viktig for statusen og situasjonen til nynorsk i Møre og Romsdal.

– Vi veit at der nynorsk er lite brukt, der hamnar han fort under press. Der nynorsk er mykje brukt, der veks han.

I store delar av fylket dominerer nynorsk som skulemål, og nynorsk aukar også som bruksspråk i næringslivet. Dette bør fylkeskommunen inspirere til at skal halde fram. Nynorsken er under eit konstant press frå bokmålet som dominerer nasjonalt, og regionale styresmakter bør ha og ta eit kulturelt ansvar for mindretalspråket, seier Hjelmbrekke.

Han har ingen tru på at det er så mykje pengar å hente.

– Utgangspunktet til Molvær er at

fylkesadministrasjonen skal sleppe å bruke tid på språkvask og korrektur. Heller ikkje frå eit bokmålperspektiv er dette eit godt utgangspunkt for å gå vekk frå nynorsk. Skrivefeil og dårleg språk dukkar opp i alle språk, og det må i alle tilfelle vere rutinar for å luke vekk slikt i alle viktige dokument. Tvert om kan det vere ein styrke for byråkratiet å leggje inn ekstra krav til seg sjølv om å bruke eit godt og klart språk, seier Hjelmbrekke.

ERIK GROV

Fleire kommunar går vekk frå bokmål



Anne Kristin Myklebust lærer Mahamud norsk ved Cloppen opplæringssenter. Foto: Hege Lothe

I fjor haust sette Noregs Mållag i gang ein kampanje for at fleire kommunar skal gå over til å undervise på nynorsk til vaksne innvandrarar. No har fleire kommunar gjort vedtak om å bytte ut bokmålsopplæringa.

– Gjennom desember kom det fleire viktige vedtak, fortel kampanjeleiar Hege Lothe i Mållaget.

– Voss kommune går over til nynorsk frå mars i år. Kommunestyra i Ullensvang, Hjelmeland og Årdal gjorde også vedtak om nynorsk. I alle desse kommunane har Mållaget vore aktivt inne i påverkningsarbeidet. Dessverre glapp Nissedal kommune for oss, der gjekk kommunestyret inn for å gå over til bokmål. Kommunestyret på Osterøy har bede om å få lagt fram sak på nyåret om skifte til nynorsk, og lokallaget følgjer saka tett, seier Lothe.

SAKNAR LÆREMIDDEL Noregs Mållag har bede om møte med den nye statsråden for inkludering, Sylvi Listhaug, for å drøfte språkopplæringa for vaksne innvandrarar/asylsøkjarar. Det må verte lettare for kommunane å gje nynorsk-opplæring til vaksne innvandrarar. Då må det kome eit tilfang av læremiddel. Læremiddelsituasjonen i norskopplæringa for vaksne innvandrarar er i stor grad dominert av bokmålsverk. Det finst ingen krav til at det skal utviklast nynorske læremiddel, og for å kunne utvikle nynorske læremiddel er forlaga avhengige av tilskot.

– Læremiddelsituasjonen har dei siste åra vorte betre, men det er framleis eit stort gap mellom utvalet av læremiddel til dei som får bokmålsopplæring og dei som får nynorskopplæring, seier Marit Aakre Tennø, leiar i Noregs Mållag.

I NOU 2010:7: Mangfold og mestring – flerspråklige barn, unge og voksne i opplæringssystemet slår ein fast at læremiddel for innvandrarar bør inn under parallellitetskravet i opplæringslova.

– Mållaget er samd i at eit slikt krav må kome. Det inneber at læremiddel for vaksne innvandrarar må kome på nynorsk og bokmål til same tid og same pris. Vidare er det viktig at når Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet tildeler pengar til Vox (Nasjonalt senter for kompetansepolitikk) for læremiddelutvikling i 2016, må ein større del av potten gå til utvikling og omsetjing av nynorske læremiddel, seier Tennø.

ERIK GROV
erik.grov@nm.no

Til lukke, Voss
Ullensvang og
Hjelmeland!

39
40
41
42!

NYNORSK

Ein kampanje for at fleire kommunar skal gje vaksne innvandrarar nynorskopplæring.

www.nm.no

»MINNEORD



Foto: Hege Lothe

Berge Furre til minne

Det gjer alltid sterkt inntrykk når menneske går bort som har hatt stor innverknad gjennom det dei har utretta i samfunnet, og i tillegg har gitt sterke opplevingar gjennom personlege møte. Slik var det med Berge Furre.

Han var ein sentral samfunnsbyggjar mellom anna innanfor politikk, historie, teologi, internasjonalt samarbeid og ikkje minst målrørsla.

Det er for det han gjorde på det siste feltet, både gjennom personleg målbruks og som ideolog og klok rådgjevar, underskrivne vil minnast han i takksemd og glede.

Me sat saman i landsstyret for Noregs Mållag i tida 1968–70, der han som nestleiar var ein umåteleg klok rådgjevar for den som skulle vera leiar i ei språkpolitisk og ideologisk krevjande tid.

Han stod i brodden for eit språkleg utgreiingsarbeid som vart nedfelt i den mykke lesne boka Målreising 1967, som den dag i dag er nyttig lesnad.

I 75-årsskriftet for Noregs Mållag i 1981, heiter det i omtale av landsmøtet 1965: «På landsmøtet same året var hovudemnet: Strukturendring og målpolitikk. På eit breiare grunnlag enn før vart nynorskens stilling tatt opp i samband med samfunnsutviklinga. Mest åtgaua vekte foredraget til Berge Furre. Etter ein dyster visjon av utviklinga mot eit bysamfunn, eit funksjonærsamfunn, eit massekultursamfunn og eit utdanningssamfunn, spurde han kva sjansar målrørsla hadde no. Det svaret han gav, var: Målrørsla må finna sin plass i ein brei motstram mot denne utviklinga, ved å vedkjenna seg bygdeopphevet sitt utan å skjemmast over det, styrkja og kjempa for det levande nynorske kulturlivet på alle område, og godta tospråksituasjonen i Noreg som ein rikdom og ein verdi».

Desse tankane vart retningsgjevande for arbeidet i dei komande åra.

Noregs Mållag, og alle me som kjenner oss knytte til målrørsla, har mykke å takka Berge Furre for. Han var ein faneberar for god nynorsk målbruks i alle samanhengar der han var med.

HANS OLAV TUNGESVIK
leiar i Noregs Mållag 1965–1970

Askøy Mållag gir bøker til barnehagar

Askøy Mållag byrja det nye året med å gje nynorske barnebøker til to barnehagar nord i kommunen.

(Askøyværingen) Tidleg i januar fekk den kommunale Træet barnehage og den private Furehaugen barnehage på Fauskanger ti bøker kvar frå mållaget, som møtte med leiar Erlend Bakke, nestleiar Hans Birger Drange, skrivars Einar Ådland og styremedlem Inger Tangedal.

Bøkene er gjevne ut av Det Norske Samlaget. Dei har stor variasjon i tekst og er rikt illustrerte, slik at der er eit tilbod til alle alderssteg i barnehagen.

VIKTIG GRUNNLAG – Me veit at den språklege utviklinga hjå barnehageborn legg eit viktig grunnlag for meistring av og haldning til morsmålet. Difor meiner Askøy Mållag det er avgjera at born i denne aldersgruppa får tilgang til bøker på nynorsk, sa Einar Ådland då han og Hans Birger Drange gav

bøkene til pedagogisk leiar Mariell Celine Haugland på Træet barnehage og styrar Renate Wingaard på Furehaugen barnehage på Fauskanger.

IKKJE TILFELDIG – Det er ikkje tilfeldig at me gjev nynorskbøker til barnehagar på nordre Askøy, held Ådland fram.

Det er her folket i dei to skulekrinsane Fauskanger og Træet to gonger – i 2003 og 2010 – har valt nynorsk som opplæringsmål.

Difor er det vår von at desse bøkene skal vera med på å gjera barnehageborna kjende med nynorsk mål og kultur, og at gáva på det viset vil medverka til at nynorsken og den nynorske tradisjonen vert halde oppe og ført vidare.

Renate Wingaard seier til Askøyværingen at det er veldig kjekt å få

denne gáva og meldinga, og held fram at

– Bøker er ein del av kulturarven vår, og viktig for språkutviklinga.

I utgangspunktet er ikkje Furehaugen ein nynorsk barnehage, men me har foreldre som les både bokmål og nynorsk til borna heime. Og lesing har dei mykje av i denne barnehagen.

– Me les for ungane kvar dag. Ungane finn sjølv fram bøker og vil lesa dei.

Det er viktig for dei å ha bøker tilgjengeleg.

Då er det alltid kjekt med nye bøker for å få ny inspirasjon, seier Wingaard.

JAN WILLIE OLSEN
Askøyværingen

Pedagogisk leiar Mariell Celine Haugland i Træet barnehage tek imot nynorske barnebøker frå Askøy Mållag, her representert av nestleiar Hans Birger Drange (t.v.) og leiar Erlend Bakke. Fireåringane Herman (t.v.) og Simen er glade for gáva.

Foto: privat



130 år med nynorsk

VERDAS FØRSTE: På eit kommunestyremøte i Kvinnherad kommune før jol vart det markert at tidlegare Fjelberg kommune, som no er ein del av Kvinnherad, var verdas fyrste nynorskkommune.

Og dermed vart saka om å vedta eigen språkbruksplan teken opp i kommunestyret av Gaute Lund, kommunestyrerrepresentant frå Sosialistisk Fellesliste.

– Det handlar om å verte ein god nynorskkommune, og det gjeld også barnehage og skule, seier Gaute Lund, som også er styremedlem i Kvinnherad Mållag. Ordskiftet vart kort, men morosamt.

Ordførar i Kvinnherad kommune, Peder Sjo Slettebø, gjorde det klart at kommunen skal halde på nynorsken.

– Kvinnherad var den fyrste nynorskkommunen i verda, og om så gale skulle vere, skal Kvinnherad verte den siste nynorskkommunen i verda også.

MARSIPANKAKE FOR MÅLET Kommunestyrerepresentant for Arbeiderpartiet, Johnny Håvik, vedgjekk den ungdomssynda at han valde bokmål på Sunde skule i si tid, men har no gått over til å skrive nynorsk.

– Og det vert lettare no som eg veit at eg kjem frå ver-

das fyrste nynorskkommune, seier Johnny Håvik.

Johnny Håvik nyttar også høvet til snakka fint om mållaget si marsipankake frå talarstolen på kommunestyremøtet. Tidlegare på dagen hadde Kvinnherad Mållag utdeling av marsipankake for å feire 130 år med nynorsk. Og Ølve Mållag sende blomehelsing til ordførar og kommunestyre og ynskte til lukke med dagen.

PS! Ølen og Bjoa sokner (på sørssida av fjorden) var med i Fjelberg fram til dei gjekk ut og vart Ølen herad i 1916, i dag ein del av Vindafjord kommune.

HEGE LØTHE



Kake: Ikke berre politikarane fekk glede av å feire 100-jubileet. Kvinnherad Mållag delte også ut kake til allmugen. Foto: Avisa Grenda



Fortenestemedalje til Myrvang

Finn Myrvang frå Bø i Vesterålen har fått H.M. Kongens fortenevestemedalje.

Heideren kjem av det særverdfulle arbeidet som Myrvang har gjort for å gjøre nordnorske kulturtradisjonar tilgjengelege og forståelege. Gjennom heile livet har han arbeidd med formidling av stadnamn og folkeminne i Vesterålen og Nordland. Som leiar av Stadnamnprosjektet i Nordland har han mellom anna synt kor sterkt samisk språk har stått i denne delen av landet, og han har på dette området gjort eit banebrytande arbeid. Han har også hatt ein sentral posisjon i utviklinga av Bø bygdelag med årlege utgjevingar av årboka *Bøfjerdingen*.

Framlegget om at han fortente



Ordførar Sture Pedersen festar medaljen på brystet til Finn Myrvang.
Foto: Trond K. Johansen / Bladet Vesterålen

denne heideren kom i frå Julie Sæther, Johan Borgos, Erik Bugge og Arve Elvik. Ordførar Sture Pedersen delte ut medalje og diplom i samband med eit kommunestyremøte.

»LANDET RUNDT:

SEMINAR I SOGN DAL: Har ein kognitive fordelar av å nytte to norske skriftspråk? Korleis kan det i så fall bevisast? Dette er spørsmål som skal drøftast på seminarret Kognitive effektar av norsk toskriftspråklegheit – metodar og funn i Sogndal 25. og 26. februar. Det er **Høgskulen i Sogn og Fjordane** og Universitetet i Bergen som inviterer.

ARE KALVØ I FREDRIKSTAD: **Are Kalvø** er saman med Riksteatret på turne med framsyninga *Kalvø*. Det er ein omfattande turne over heile landet. Torsdag 31. mars er han i Fredrikstad, og då har Fredrikstad Mållag planlagt å gå saman på framsyninga. Det burde fleire lokale mållag gjere!

ELENA FERRANTE-MØTE: Mållaget i Kristiansand vil vite meir om Elena Ferrante-suksessen. Dei har invitert **Kristin Sørsdal** som har omsett bøkene til nynorsk, til lagsmøte i Kristiansand i april. Bøkene er selde i 70 000 eksemplar, og Kristin Sørsdal har til og med budd i Napoli for å leve tett på byen forteljinga er lagd til.

JULEHEFTESAL I NAMSOS: **Naumdøla Mållag** hadde eigen stand på julemarknaden på Namdalsmuseet i Namsos før jul. Dei selde det flotte juleheftet *Namdals Jul* og var godt stolte av å syne fram den nye t-skjorta.

ODDA-MODELLEN I HAUGESUND: **Knut O. Dale**, leiar i Odda Mållag, og **Terje Kollbotn** vil kome på årsmøtet i Karmsund Mållag og snakke om språkdelte ungdomsskule, også kalla Odda-modellen. Møtet er på Kvalatun torsdag 17. mars.

NYNORSKBAR I BERGEN: Bergen Mållag har invitert **Øystein Hassel**, bystyrerepresentant for Arbeiderpartiet og **Reidar Staa-leesen**, bystyrerepresentant for Arbeiderpartiet, for å snakke om interpellasjonen dei fremja i Bergen bystyre i januar: «Sikring av rettane til nynorskelevar på ungdomstrinnet». Den førte med seg eit godt ordskifte og fekk eit breitt fleirtal bak seg.



BOKPAKKE I SKÅNEVIK: Nyleg var tre styremedlemer i **Skånevik Mållag** på bokbad i Skånevik barnehage. Dei delte ut ein stor bokpakke med nynorske barnebøker, og stemninga var på topp. Utsendingane fra Skånevik Mållag var nestleiar Kjersti Markhus, kasserar Ingeborg Bakstad og leiar Hans Olav Tungevik.

ÅRSMØTEVINTER: Det er tid for årsmøte i både lokallag, yrkesmållag og fylkesmållag. Dei møta vi får meldingar om, vert lagde ut på **nettssidene til mållaget** etter kvart som vi får vita om dei. Sjå gjerne innom her:
www.nm.no/kalender.cfm

MØTE OM SPRÅKSKIFTE: Romsdal Mållag inviterte til eige møte om språkskifte på vidaregåande skule i Møre og Romsdal i januar. Dei hadde **Iselin Nevstad Øvrelied** til å halde innleiing. Ho skreiv masteroppgåve i Nynorsk skriftkultur i 2014 om dette emnet.

KONFERANSE OM NORSK-OPPLÆRING FOR INNVANDRARAR: Det er ingen av kommunane i Nordhordland som har nynorskoplæring for vaksne innvandrarar. Dette vil dei lokale mållaga gjere noko med. Måndag 7. mars inviterer dei til ein

halvdagskonferanse med norsk- og nynorskoplæring som emne.

Målgruppa er både folkevalde og byråkratar i kommunen, og tilsette på nynorskoplæringane i dag. På seminaret er det tre forskarar som vil snakke frå kvar sin ståstad. Det er fyrsteamanuensis **Olaf Husby**, forskar II **Marry-Anne Karlsen** og fyrsteamanuensis **Ann Kristin Helland Gujord**. Så vil **Gunnar Flatland**, som tidlegare har undervist på Norksenteret i Førde, snakke om erfaringane med mange år med nynorskundervisning, og **Sissel Vollan** frå VOX vil fortelje om lærerimidlertilbodet og kva som vert gjort for å gjøre det betre. Også **Marit Aakre Tønno**, leiar i Noregs Mållag, vil til slutt halde eit innlegg. Seminaret er ope for alle og varer frå om lag 11.30 til 17.00. Dei lokale mållaga som står bak er: Meland Mållag, Radøy Mållag, Lindås Mållag, Alversund Mållag og Osterfjorden Mållag.

Stridsmann og am


Olav Gullvåg er mest kjend for å ha skrive teksten til Spelet på Stiklestad. Mindre kjend er historia om målmannen og redaktøren. Det vil barnebarnet gjera noko med.

To gonger gjekk Gullvåg i fengsel for målsaka. Fyrste gongen var medan han var redaktør i Skien. Skattelikninga skulle endrast, og folk måtte no ta til å senda inn sjølvmeldingar. Likningskontora over heile landet rykte inn store informasjonslysingar om reforma i avisene. Men ikkje i Norig, den nest største avisa i Skien. Kommunen hadde aldri kommunale lysingar i den. Då likningssjefen ringde Gullvåg for å etterlysa sjølvmeldinga hans og sa at det hadde stått i alle aviser, svara han berre: «Det har ikkje stått i Norig!» Han nekta å levera noko sjølv melding, og fekk tre dagar i fengsel. Reaksjonen kom tvert, og handelsstanden merka det mest. Gullvåg hadde vene i bygdene. Nokre månader seinare endra Skien politikken sin, og kommunale lysingar kom på plass i avisena.

Den andre gongen var då han fekk nyss om at ein norsklærar ved underoffiserskulen i Bergen dreiv og gav «tri-streks feil» for bruk av norske ord, som t.d. «søyer» og «lauvkjerr». «Fusk og fanteri i norskundervisninga» skrev Gullvåg, og det enda med politisak, bot eller fengsel. Same dagen Gullvåg gjekk i fengsel, kom saka opp i Stortinget, og eit framlegg om kontroll av undervisninga vart vedteke utan protestar frå noko hald. Norsklæraren vart avsett.

GLØYMD Olav Gullvåg var såleis ein meir moderne, andregenerasjons målreisar. Der det tiåra før hadde gått vegen, og det vart skipa nye landsmålsføretak eit par gonger i veka, møtte Gullvåg kvardag, dei økonomiske realitetane, rettskrivingsstrid og ny mobilisering frå motstandarane. Seinare vart han ein produktiv forfattar og dramatikar. Likevel er han gått litt i gløyme boka. No har Eivind Hasle skrive bok om bestefar sin. Målet er å løfta Gullvåg fram att.

“Egentleg høyrdé han til 1905-generasjonen, som gledde seg over den politiske frigjeringa frå Danmark, men var tilsvarande skuffa over at landet enda opp som eit kongedøme og ikkje republikk



»OLAV GULLVÅG

- ▶ Fødd i Trondheim i 1885. Død i Asker i 1961.
- ▶ Arbeidde i mange år som redaktør, m.a. i Gula Tidend, før han vart forfattar. *Det byrja ei jonsoknatt og Spelet på Stiklestad* er dei mest kjende verka hans.
- ▶ Barnebarnet Eivind Hasle har no skrive boka *Olav Gullvåg. Bladmann og bokmann*. (Snøfugl, 2015)

– Han har forsvunne litt ut av historia, og i dag er namnet hans mest knytt til spelet på Stiklestad. Men han var eit kjent namn i norskdomsrørsla då han levde, og kan henda meir på bygda enn i byane. Ein annan grunn kan vera at han gav ut bøkene sine på forlag som ikkje lenger eksisterer, og dermed er det ingen som kjenner ansvar for å ta vare på den litterære arven etter han. Boka er ikkje meint som nokon fasit, det er meir for å henta han fram att.

REDAKTØREN – Men det er likevel forfattaren som blir hugsa. Det at han



Eivind Hasle Foto: Privat

hadde ein lang karriere som avisredaktør, er ikkje så kjent?

– Det er noko eg prøver å få fram med denne boka. Han arbeidde som redaktør frå 1910 til 1929, og opplevde både oppturar og nedturar. I Søndmøre Folkeblad måtte han balansera mellom fråhaldssaka, landsmålet og Venstre. Avisa Norig, som Mållaget Dag gav ut i Skien, gjekk godt, men vart driven med rovdrift på dei tilsette. Åtter sider kvar dag og berre tre i redaksjonen. Gullvåg trudde han skulle få rolege dagar i Gula Tidend, men økonomiske nedgangstider og strid om rettskriving gjorde kvardag tøff, seier Hasle.

– Korleis vil du summera opp redaktørgjerninga hans?

– Han skreiv godt og tydeleg, og det sette lesarane pris på. Han var ei sterk og synleg røyst for norskdomsrørsla. Samstundes var dei økonomiske vilkåra i små ny-norskaviser därlege, og trass i ein veldig arbeidskapasitet, så nytta det ikkje i lengda. Særleg ikkje når han kom i krysspress, både i politiske og språklege spørsmål. Samstundes bar han på draumen om å halda på med bøker. Då han gav seg, må det ha vore ei lette. Han var på veg til å bli bokmann som bladmann, fortel Hasle.

Han arbeidde med bøker alt då han var redaktør i Bergen, då om nettene. Til slutt vart det for mykje, og ein lækjar sa at han måtte trappa ned. I 1929 var det nok. Då tok Gullvåg med seg heile familien, kone og fire born, på fottur til Italia. Ungane var då i alderen 4 til 13 år. «Ein av dei mest eventyrlige turane nokon nordmann har gjort», meinte Asbjørn Øveraas.

FORFATTAREN Samstundes kjem det litterære gjennombrotet. Det var utlyst ei tevling om å skriva ein kantate til 900-årsjubileet for Heilag-Olavs fall på Stiklestad. 56 utkast kom inn, 26 på nynorsk. Juryen er overtydd om at det er Olav Aukrust

bassadør



Olav Gullvåg gjekk i fengsel for å ha kritisert ein norsk-lærar ved under-offiserskulen i Bergen. Bondeungdomslaget og Ervingen møtte opp med musikk og faner då han slapp ut.

Frå boka. Eigar: AKWG

»MEIR BOKNYTT

Ny utgåve av *Kynnehuset*

I 1923 gav Norsk Folkeminnelag ut ei samling folkeminne Peter Lunde hadde samla inn. Boka fekk namnet *Kynnehuset*, eit hus der ein kunne samlast utan å vere beden, der ein kunne fortelje soger og eventyr og kvede stev. Boka har lenge vore vanskeleg å få tak i, noko Kvinesdal Historielag sette seg føre å gjere noko med. Resultatet er ei praktbok, med nye introduksjonstekstar, ordforklaringar og ei rad fargefotografi.

– Vi har fått støtte frå fleire hald og gode tilbakemeldingar, seier Anne-Berit Erfjord, kasserar i Historielaget.

– Som vi skriv i føreordet, ville vi endre minst mogleg av dei




gamle tekstane, fordi dette er ein viktig del av språkhistoria. Difor har vi mange forklaringar, særleg med tanke på dei yngre lesarane, fortel Erfjord.

Illustrert Tyleskap. 14. aorgang

Nei, dette er ikkje ei samling av Knut P. Bøyum sine tekstar i *Norsk Tidend*. Det er Jens Brekke som gjer sitt til å halda oppe tradisjonen med å fortelja små soger. Innholdet kunne vera alvorleg nok, men ironi og glimt i auga var vel så viktig. I innleiinga til dette vesle heftet som Heimstolen forlag gav ut i vinter, skriv Brekke at han meiner me møter for få folk.

– Når me i vår tid fer etter vegen, er me forskansa bakom metall og glas, og bilen stoggar ikkje når me møter andre. Det einaste sosiale me har å hjelpa oss med, er radioen og tylepratet der, Reiseradioen, der programleiarar frå hovudstaden set nosi høgt i våret og veltar or seg egoistiske skildringar med «jeg» først i kvar



setning. Ikkje rart nasjonen vår flatar ut.

Løysinga åt Brekke er ei samling humoristiske soger frå Sunnfjord, Førde og til og med Naustdal.

Blix-prisen til Sissel Horndal

Forfattar Sissel Horndal har fått Blix-prisen 2015 for det barnelitterære forfatterskapet sitt. Prisen blir kvart år gitt til ein nordnorsk forfattar som skriv nynorsk eller nordnorsk dialekt. Prisen blir delt ut av Litteraturselskapet Det Norske Samlaget. Prisen er på 15 000 kroner.

«Med stilskikre illustrasjonar, originale forteljingar og stodig språk har ho utvida det rommet som heiter barnelitteratur. Når ho i tillegg lar bøkene sine vere i kontakt med dei evige forteljingane, lagar ho ein høgare himmel over barneliva enn dei fleste», skreiv juryen.

– Det er berre utruleg kjempefint, sa Horndal til *Avisa Nordland* då ho fekk vite om utmerkinga.

– Å arbeide med bøker er ein veldig einsam jobb, men når du er ute og les frå bøkene til folk el-



Foto: Marianne Horndal

ler får konkrete tilbakemeldingar, blir det annleis. Å få Blix-prisen gjer meg kjempestolt. Det betyr masse. Det er superinspirerande og fint at nokon ser kva ein held på med, sa Sissel Horndal.

Horndal fekk i 2008 Nynorsk Barnelitteraturpris for *Himmel-springaren*.

som står bak vinnarbidraget «Heimferd», men det synte seg å vera ein redaktør i Bergen.

Om lag samstundes står namnestriken om kva byen ved Nidelva skal heita. Gullvåg stiller seg på Nidaros-sida og seier meiningsa si høgt. Det fell trondarane tungt for bringa. Han blir omtala som «en forlaaren sonn for Trondhjem» og ein tek til orde for ikkje å nyttja kantaten hans i Nidarosdomen. Og slik vart det. Men verket, med musikk av Ludvig Irgens Jensen, blir spelt i Oslo og kringkasta i radioen. I den vesle norditalienske byen sat Gullvåg saman med seinare utanriksminister Halvdan Koht og høyrdde på overføringa. I BUL-salen Gimle var det «stuvande fullt» av folk som høyrdde på.

«Heimferd» sette fleire spor etter seg. Lensmann Jon M. Sul i Verdal hadde eit ynske om å få til eit sogenespel om hendingane på slektsgarden Sul ved svenskegrensa i 1030. Sul kjende Gullvåg frå før, men først etter 2. verdskrigen fekk Gullvåg ein førespurnad om å skriva eit utkast til skodespel. Resultatet vart «Natterast på Sul», basert på det relativt spinkle motivet i Snorre om at Olav Haraldsson overnatta der på veg inn i Noreg.

Underveis i arbeidet med oppsetjinga vart planane endra, og friluftsscena på Stiklestad blir den nye spelstaden. Urpremieren fann stad 29. juli 1954. Med unnatak av nokre få år på slutten av 50-åra, er det dette me kjenner som «Spelet om Heilag Olav». Til saman 820 000 publikummarar har sett stykket opp gjennom.

TENTE DEI GODE SAKENE

– Politisk høyrdde han til partiet Venstre heile livet, sjølv om han mot slutten innrømde at han røysta på partiet av gamal vane. I eit lesarinnlegg han fekk på trykk berre ei veke før han døydde, snakka han varmt om SF sitt arbeid for nedrusting og Ap sitt arbeid for velferdsstaten. Eigentleg høyrdde han til 1905-generasjonen, som gledde seg over den politiske frigjeringa frå Danmark, men var tilsvarende skuffa over at landet enda opp som eit kongedøme og ikkje republikk.

– Kva dreiv han, trur du?

– Heile livet hans var prega av eit ynske om å engasjera seg, tena dei gode sakene, og å stå fram og nyttja livet med heile seg. Det vil eg meina han i langt mon greidde, seier Hasle.

KJARTAN HELLEVE
kjartan.helleve@nm.no

Kva heiter mastergrad

Mastergrader, bachelorprogram og Erasmus Charter for Higher Education. **Engelsk tek over for norsk** innanfor høgare utdanning. Ein ny rapport peikar på problemet og moglege løysingar.

Du skal ikkje langt opp i utdanningssystemet før engelsk tek mykje plass. I Språkfakta 2015 som Ottar Grepstad har samla, kan ein lese at «i 2006 blei 33 prosent av masteroppgåvene ved norske universitet og høgskular skrivne på engelsk, mot berre 9 prosent i 1986.» Og vidare at «i 2002 var 76 prosent av doktoravhandlingane skrivne på engelsk.»

Grunnane kan vere mange. Publisering i anerkjente tidsskrift er kopla opp mot finansiering av forskinga. Samarbeidet mellom norske og utanlandske miljø aukar. Studenter og forskarar er stadig oftare på utveksling i andre land. Fleire oppgåver blir skrivne på engelsk, meir av pensumet er på engelsk. Snart er norsk radert ut frå høgare utdanning. Språkdomenet er tapt.

LITE MEDVIT – Så ille er det ikkje. Det er ikkje noko nytt at det blir nytta mykje engelsk i høgare utdanning, seier Jorunn Simonsen Thingnes.

– Problemets er at miljøa ikkje er medvitne problemstillinga. Det er statleg vedteken politikk at norsk skal vere eit fullverdig, samfunnsberande språk som er i bruk på alle domene, også i høgare utdanning og forsking, men det norske fagspråket vert stadig utfordra. For mykje blir skrive og publisert utan at ein har teke eit medvite val om kva språk ein nytta. Norsk taper i konkurransen mot engelsk som publiseringsspråk, og publiseringsserset forskarane står overfor, har noko av skulda, seier Thingnes.

På oppdrag frå Skuleboknemndi åt Studentmållaget i Oslo og Det Norske Samlaget har ho laga rapporten «Parallelsspråksbruk i praksis. Om behovet for eit norsk forskningsspråk i høgare utdanning og korleis ein kan sikre det». Ho har sett nærmare på kva som er vedteken språkpolitikk på dette feltet, korleis han blir følgd opp i praksis og kva konkrete tiltak ein kan setje i verk

for å styrke norsk språk innanfor høgare utdanning.

TEORI OG PRAKSIS Eitt av hovudmåla for stortingsmeldinga Mål og mening (2008) var å finne tiltak som kunne demme opp for engelsk språk i det norske samfunnet. Det vart understreka at trusselen var særleg stor innanfor høgare utdanning. Meldinga understreka at det var fleire grunnar til å halde på norsk som eit levande fagspråk. Ein ting er at språk ikkje har godt av å miste domene, det er bra at det kan nyttast på alle felt i samfunnet. Men også internt er det viktig, studentar vil lettare tileigne seg eit fag om dei kan gjere det på sitt eige språk. Dessutan er det mykje enklare å formidle det ein held på med til omverda, når omverda forstår språket.

– Dette er det lett å vere samd i, seier Thingnes.

– Problemets er at ein gløymer det i kvardagen og at språk ofte ikkje veg tungt nok. Universitets- og høgskulerådet (UHR) har ei språkpolitiske plattform, men ho er ikkje konkret nok, og ønsket om internasjonalisering veg tyngre enn lovnaden om å ta vare på norsk språk. Samstundes nyttar det ikkje å angripe bruken av engelsk. Han er komne for å bli. Spørsmålet er korleis me kan få opp bruken av norsk, slik at norsk fagspråk og terminologi kan utvikle seg side om side med engelsk. I Mål og mening står det at ein kan nytte engelsk når det er «nødvendig eller formålstenleg». Det er ei vag formulering, og ho gjer det alt for lett å forsvare bruk av engelsk der ein like godt kunne nytta norsk. Det må ein få bukt med.

– Og kva er løysinga?

– Det er parallelsspråklegheit. Omgrepet har vore kjent lenge, men det er vanskeleg å setje ut i praksis og har dverre blitt noko som institusjonane kan göyme seg bak. Difor treng ein parallelsspråksbruk som praksis, ikkje teori. Problemets er at det finst få konkrete tiltak som gjer dette mogleg. Når det gjeld forsking,

er parallellpublisering ei mogleg løysing.

ÅRLEG ARTIKKELSAMLING

– Eg reknar med at du har eit framlegg.

– Utgangspunktet for denne rapporten var ein ide om ei årleg artikkelsamling der ein set om vitaklege artiklar til norsk. Originalt såg ein føre seg at ein tok med dei mest siterte artiklane det siste året, men det er kan hende ikkje den beste løysinga. Målet er jo at desse omsetjingane skal lesast, særleg av studentar. Då må ein heller finne dei viktigaste artiklane, dei som kjem på pensumlistene i dei ulike faga.

– Det blir truleg ingen kioskvæltar?

– Det er heller ikkje målet. Målet er at studentane, som har nok kunnskap til å forstå artiklane, kan sjå at det er råd å uttrykkje seg på norsk. Dei får eit førebilete for eiga skriving. Om studentane ser at sentrale artiklar på pensumlista er skrivne på norsk, vil det bli enklare for dei å sjå føre seg å skrive ei eventuell eiga masteroppgåve på norsk, seier Thingnes.

KVARDAGEN Thingnes understrekar at det er store skilnader mellom faga. Fysikk nyttar t.d. veldig mykje engelsk, medan juss nyttar mest norsk sidan emnet er knytt til skriven norsk lov og norske tilhøve. Men ein ting er kva studentane les og skriv i studietida, noko anna er kva språk dei skal nytte etter enda utdanning.

– Det er berre ei handfull av mastergradstudentane som går vidare til å bli forskarar. Dei andre skal ut i yrke der dei skal snakke med andre om faglege emne. Sjukepleiarar skal møte pasientar, og fysikarar skal forklare noko for elevane sine. Dei treng eit språk å gjøre det på.

– Og desse artikkelsamlingane vil endre på det?

– Dei er eit godt tiltak som vil gjøre ein forskjell. Artikkelsamlingane er parallelsspråksbruk i praksis, dei hjelper universiteta med å oppfylle samfunnsansvaret sitt, og dei gjev studentar tilgang til det norske fag- og forskningsspråket. Ein må styrke medvitet kring norsk fagspråk. Internasjonaliseringa som no rir høgare utdanning, er altopp-slukande. I staden for at universiteta sender tilsette på nynorskurs, blir dei no sende på engelskkurs. Vi treng begge delar, og gjennom klok parallelsspråksbruk treng ikkje det eine å gå på kostnad av det andre. Ein kan meine kva ein vil om det norske fagspråket, men det ligg ein offisiell språkpolitikk i grunnen. Den må fylgjast opp, seier Thingnes.

– Problemets er at ein gløymer det i kvardagen og at språk ofte ikkje veg tungt nok, seier Jorunn Simonsen Thingnes, som har sett nærmare på det språklege medviten innan høgare utdanning. Foto: Kjartan Helleve



“ Det er statleg vedteken politikk at norsk skal vere eit fullverdig språk som også er i bruk i høgare utdanning og forsking. ”

på norsk?



Språkråd-vara vil ha meir engelsk i akademia

Rektor Curt Rice ved Høgskulen i Oslo, som i desember vart utnemnd til varamedlem i det nye styret i Språkrådet, vil ha meir engelsk inn i forsking og høgare utdanning i Noreg.

Venstre-politikar Guri Melby er utnemnd til ny leiar i det nye Språkråd-styret, der talet på medlemmer no er redusert frå ni til fem.

Som nestleiar får Melby med seg språkprofessor og tidlegare styremedlem Trond Trosterud ved Universitetet i Tromsø, mens administrerande direktør i Schibsted Forlag Jan Erik Knarbak og fylkesleiar i Hordaland Høgre Liv Kari Eskeland blir med som styremedlemmer.

Nye vararepresentantar er høgskulektor Eli Bjørhusdal og høgskulerector Curt Rice.



Den nye rektoren ved Høgskulen i Oslo og Akershus, Curt Rice, er utnemnd til vararepresentant i styret til Språkrådet berre veker etter at han gjorde seg til talsmann for meir engelsk i akademia i Noreg.

Foto: Privat

SKAL STYRKJE

NORSK SPRÅK – Språkrådet gjer ein viktig jobb for å styrke det norske språket og språkmangfaldet i landet. Eg er glad for at vi har fått på plass eit nytt styre med så dyktige personar, og eg er trygg på at dei kjem til å halde fram det gode arbeidet for å nå måla i språkpolitikken, seier kulturminister Linda Hofstad Helleland (H).

Eitt av dei vedtatte måla er å hindre domenetap for norsk.

– Norsk skal vere hovudspråket ved norske universitet og høgskular, heiter det mellom anna i språkmeldinga Mål og meinung.

VIL HA MEIR ENGELSK Men i siste nummeret av Språkrådets eige blad Språknytt tok språkforskar Rice til orde for meir bruk av engelsk i forsking og høgare utdanning. Amerikanaren synest ikkje det blir forska for lite

på norsk i Noreg, snarare tvert imot.

– Eg synest det skal utruleg mykje til for å forsvare å skrive ein doktorgrad på norsk, seier han mellom anna i intervjuet med Språknytt og peikar på at forskinga i all hovudsak er internasjonal og global.

Tidlegare leiar i Norsk Målungdom Vebjørn Sture reagerer i lys av intervjuet i Språknytt på utnemninga.

– No skal bokmålsfolket – endeleg – få ein legitim grunn til å klage. I julegåve frå kulturmesteren har dei nemleg fått ein ny vara-bokmålsrepresentant til styret i Språkrådet. Han er rektor på Høgskulen i Oslo og Akershus og markerte seg seinast for nokre dagar sidan ved å etterlysa større domenetap for norsk språk i akademia, skriv Sture på Facebook-sida si. (NPK)

Rekordmange søk i nettordbøkene

Bokmålsordboka og Nynorskordboka på nett blir brukte stadig meir. Talet på søk har auka med om lag 25 prosent i 2015.

Dei to ordbøkene er no eigde av Språkrådet og Universitetet i Oslo og er blant dei aller mest brukte offentlege oppslagsverka i Noreg, opplyser Språkrådet.

Bokmålsordboka gjekk frå 40,6 millionar søk i 2014 til 50 millionar i 2015, mens Nynorskordboka gjekk frå 30,8 millionar søk i 2014 til 38,8 millionar i 2015.

– Auken viser kor viktig det er å ha lett tilgjengelege, digitale og oppdaterte ordbøker som folk kan stole på, seier direktør i Språkrådet, Åse Wetås. (NPK)

Bokmålsordboka og Nynorskordboka er fritt tilgjengelege for alle. Dei er definisjons- og rettskrivingsordbøker som viser gjeldande offisiell rettskriving for bokmål og nynorsk.

Ordbøkene er utarbeidde av Universitetet i Oslo og Språkrådet, og dei blir oppdaterte kontinuerleg med gjeldande rettskriving. Når ein slår opp på eit ord, finn ein definisjonar, bruks eksempel, bøyingsopplysningar og informasjon om opphavet til orda.

Dei mest sökte orda på bokmål er «skrive» og «være», mens dei mest sökte orda på nynorsk er «vere» og «gi». (NPK)

Tidlegare kunne ein **forfattar** berre **boka under armen** og det var i gru

NYE TIDER FOR FOR

BIBLIOTEKET I NANNESTAD

ligg i eit gammalt kjøpesenter. Ein forrettingside slo tydelegvis feil, og no har kommunale verksemder teke plass i dei gamle butikklokalra. Men det er uråd å sjå. På 80-talet bygde ein ikkje prangande litteraturhus og bibliotek. Difor er det fort å tenkje at desse lokalra var bygde til dette føremålet. Dei gjer i alle fall nytta. Bokhyllene er plasserte på hjul, og om det skal vere store tilskipingar, kan ein rydde plass til publikum. Som rett nok må sitje rett på steingolv, men ingen har sagt at det skal vere lett å vekse opp i 2016.

For ei stor tilskiping er det. Biblioteket har samarbeidd med både ungdomsskulen og denvida-regåande, og snikra saman opplegget «Ungdom. Litteratur. Bibliotek.», som fint summerer opp innhaldet. Forfattarane Sigbjørn Mostue, Lise Forfang Grimnes og Lars Mæhle vart før jol inviterte til å snakke om bøkene sine. Biblioteket fekk stønad frå Fritt Ord og kjøpte klassesett med dei aktuelle bøkene. Elevane skulle så velje kven dei ville lese, og no i januar er forfattarane inviterte attende til eit bokbad. Eit utval elevar skal spørje ut forfattarane, og dei andre skal vere publikum. Berre bokbadarane får sitje på stolar.

I utgangspunktet skulle dei ha eit slikt bokbad kvar. Men svært mange elevar valde Mostue, og ganske få Grimnes og Mæhle. Difor får fyrstnemnde to økter bokbadning, medan dei sistnemnde må dele på éi.

Det er på håret for Mostue. Han vakna såpass sjuk at han stod med telefonen i handa for å ringje biblioteket og melde avbod, men beit tennene saman. Etter to rundar med fullpakka golv og gode spørsmål, er det tydeleg nok for han. Han står over invitasjonen om lunsj, set seg i bilen og kører i retning av senga.

BOKBAD Grimnes og Mæhle blir derimot med ei handfull tilsette ned i eit triveleg, men litt småkaldt lunsjrom. Ein omn blir slegen på. Praten går om kor vidt dette påbyg-



get kom medan dette var eit butikklokal, eller om det var seinare. Dei når ein liten runde på om kor vidt kattar har eigalar eller om det er katten som har slavar, før det er på tide å rigge seg til oppe.

Den fyrste puljen elevar har gått, ein ny er på veg inn. Dei ivrigaste

tek ein runde til. Grimnes og Mæhle blir plasserte framme, med fire-fem elevar på sida av seg. Det er desse elevane som skal spørje dei ut. På slaget er samtala i gang, Grimnes er fyrst i elden. Nokre elevar sit rett ved sida av henne, og dei stiller spørsmål etter tur.

– Me lurte på om nokon av karakterane i boka di er basert på folk du kjenner?

Manuset går vidare til neste elev.

– Korleis taklar du negative tilbakemeldingar?

Og vidare.

– Om boka di skulle blir ein Hol-

e dukke opp i klasserommet med innen nok. Det er det **ikkje lenger**.

RFATTARAR PÅ TUR



Ferdig: Mæhle sjekkar om det har kom viktige meldingar på telefonen.

Bokbad: Lars Mæhle svarar på spørsmål frå dei fire intervjuarane.

lywoodfilm, kven skulle spelte hovudrolla?

Det er openbert at dei både har lese boka, og at dei har samsnakka om kva spørsmål som skal vere med.

Etter tjue minutt er det Lars Mæhle sin tur. Det går to spørsmål, før det uunngårlege kjem.

– Kvifor skriv du på nynorsk? Mæhle svarar godt og entusiasisk. Den litt stillfarne nordmøringen blir ein annan person på scena.

– Jo, det skal eg fortelje dykk, seier han, og fortel om korleis han vaks opp med bokmål, det var det han lærde i skulen. Han skreiv ei rad

bokmanus som alle vart refuserte. Då han gjorde eit forsøk på å skrive nynorsk, så vart forlaga interesserte med det same, og manuset vart til Keeperen til Tunisia. Rådet hans er å lese nynorsk, bli van med språket.

Men det verkar som om nynorsk-spørsmålet kom såpass tidleg berre

for så skyfle det unna. Elevane som spør ut Mæhle, er mest opptekne av Bouvetøya 2052, dei trekkjer parallellar til Hunger Games-bökene, spør om miljøproblematikk og om kor vidt han har blitt meir politisk i skrivinga si.

Så er det dags for spørsmål for salen. Ein gut i treningsdrakt rekkjer opp handa.

– Du sa at ein kunne bli betre til å skrive nynorsk ved å lese nynorske bøker. Gjeld det same om ein vil bli betre til å skrive bokmål?

Etter tre kvarter byrjar elevane på golvet å rasle med jakkene sine.

ELEVANE BETRE FØREBUDD

– Det fine med slike bokbad, er at elevane stort sett har lese boka di, fortel Mæhle.

– Det er ikkje alltid tilfelle. Det er stor skilnad på kor godt førebudd ein klasse er. Nokre gonger er det fantastisk, alle har lese boka, og stillear med førebudde spørsmål som i dag. Andre gonger er det ingen som har lese henne.

Han fortel at det å møte lesarane har endra seg i løpet av dei ti åra han

“ Du kan ikkje lenger sitje og gøyme deg bak pc-skjermen, du må meir ut.

Lars Mæhle

har vore på vegen. I byrjinga var det helst å kome til ein klasse, lese ei stund og så reise att. Slik er det ikkje lenger.

– Det er ein hard kamp om merksomda, dette er folk som er vane med at det skifter fort. Dette er ungar som er vane med å skifte fokus fort, klikke seg vidare til den neste saka. Difor må du som formidlar, spegle det i opplegget ditt. Du skal vere god om du greier å halde på merksomda ein heil skuletime. Det nyttar ikkje å kome berre for å lese høgt frå boka. Då blir dei rastlause etter fem minutt.

– Kva gjør du?

– Det må skje noko, du må ha eit opplegg. Eg plar veksle litt mellom å utfordre elevane til å skrive, gje dei nokre små oppgåver, medan eg fortel litt om mine bøker og korleis kan ein byggje opp spenninga i ei forteljing.

– Og det får du elevane med på?

– I utgangspunktet er dette ein takknemleg jobb, og responsen er stort sett god. Det einaste er i visse klassar på vidaregåande, der nokre elevar ikkje føler at det eg held på med, er relevant. Mange er veldig opptekne av at det berre er det som står på pensum, ein skal bruke tid på. Då kan ein merke ein viss motvilje. Men etter at kreativ skriving kom inn i læreplanen, så er det blitt meir skrivekurs og slikt.

– Er du glad i denne delen av yrket ditt?

– Eg var ikkje så glad i det i starten, men no har eg så mykje øving at eg tykkjer det er morosamt. Det er å treffen dei menneska eg skriv for. Eg trur mange barne- og ungdomsbokforfattarar er flinkare til å lese opp enn voksenbokforfattarar. Dei får meir trening i slikt, reiser mykje meir rundt. Og det er sjølv sagt ein måte å skape blest om bøkene sine på. Det er eit stort medvitet om Svarte-Mathilda-bøkene, og det trur eg kjem av at Tor Arve Røssland har reist veldig mykje rundt. I tillegg til at dei er gode, sjølv sagt.

– Så dette er noko forfattarar MÅ gjere?

– Det er ein trend at forfattarar tener mindre på bøkene sine og meir på å reise rundt og møte publikum. Du kan ikkje lenger sitje og gøyme deg bak pc-skjermen, du må meir ut.

DEN KULTURELLE

SKULESEKKEN Ut over 90-talet vaks det fram eit medvitet om at også born og unge burde få eit tilbod om kultur av høg kvalitet. Det burde satsast meir. Løysinga vart Den kulturelle skulesekken, som vart etablert i 2001. Staten gjekk inn med pengar til kunstnarhonorar, medan fylkes-

kommunane tok kostnaden med administrasjonen. Pengane kjem frå tippeMidlane. I 2002–2003 kom ei rad stortingsmeldingar som uttrykte vilje til å satse meir på denne ordninga, og løvringane auka monaleg. I 2015 var denne potten på 210 millionar. Pengane skal delast på dei ulike kunstretningane, styrt av ulike nasjonale aktørar. For litteraturen vil det seie Norsk Forfattarsentrum.

For det litterære Noreg har dette vore ei fantastisk ordning. Å skrive bøker er relativt dårleg betalt, og no vart det mogleg for mange forfattarar å skaffe seg ei relevant biinntekt. I fjor formidla Norsk Forfattarsentrum meir enn 8200 enkeltoppdrag og 23 millionar kroner i løn til dei skrivande. Men det blir også stilt krav.

– Det er ikkje noko nytt at forfattarar reiser rundt og vitjar skular. Det har Norsk Forfattarsentrum arbeidd med heilt sidan oppstarten i 1968, fortel dagleg leiar Ingvild Christine Herzog.

– Men krava har endra seg. Tidlegare kunne ein forfattar kome og snakke om seg sjølv og lese frå boka, alt etter kva ho eller han kjende for å gjere den dagen. No vil skulane vite kva dei kan vente seg. Somme var skeptiske til denne utviklinga, og trudde dei måtte ha med seg rekvisittar og drive gjøgleri i staden for litteraturformidling. Men poenget er at desse vitjingane skal vere meir enn berre eit frisk pust i kvardagen. Dei skal også ha eit fagleg innhald.

– Og det taklar forfattarane?

– I høgste grad. Det er ikkje lengre slik at dei berre dukkar opp med boka under armen og byr på sjela si. Dei aller fleste nyttar mykje tid på førebuing, sjekkar om det er ein stor eller liten klasse dei skal inn i, og er generelt veldig godt førebudde. Dette går jo både vegar. Ved at forfattaren og skulen snakkar saman, så blir det heile eit betre opplegg.

– Men det kan vel kome litt brått på ein forfattar dette? Her sit ho og skriv på ei bok for seg sjølv, og brått må ho ut og prate med tretti sjetteklas-singar.

– Sjølv sagt. Forfattarsentrum skipar til formidlingskurs og prøver å hjelpe dei som føler dei treng nokre råd. Men det er ikkje mykje pengar i barne- og ungdomslitteraturen, og heller ikkje så mange stipend å sökje på. Difor er dette ei lukrativ ekstrainntekt. Men forfattarane gjer ikkje dette berre på grunn av pengane, det er ikkje berre noko dei må. Det er nyttig å møte lesarane sine på denne måten, og reisene er i seg sjølv ei oppleveling. Alle har opplevd å kome til låste dører, og at heile



Kaldt: Is på innsida av glaset. Januar 2016 var kald på Nannestad.

bygda er ein heilt annan stad. Eller det å leite etter ein nøkkelen til eit hus du skal låne, men nøkkelen er ikkje å finne nokon stad. Slike ting høyrer med, fortel Herzog.

MINDRE HØGTID, FRAMLEIS MORO Erna Osland har vitja skular jamt og trutt sidan 1987, og i ei tid då det var lenger mellom kvar gong ein forfattar stakk hovudet inn i klasserommet.

– Det var nok meir høgtid ved forfattarvitjingane før skulesekk-

ordninga, fortel Osland.

– Før den var det ikkje så mange reisande kunstnarar, så det blei ekstra stas når ein forfattar dukka opp. Men det er stas enno, både for den som kjem og den som får vitjing. Elevane får jo vitjing av ein voksen som driv med det same som dei dag ut og dag inn, nemleg lese og skrive. Både dei og forfattaren gjer det med full visse om at dei skal gjere det litt betre kvar dag. Dette er eit særegi fellesskap mellom elev og forfattar. Ein merkar det spesielt ved at barn



Dokumentasjon: Ein tilsette ved biblioteket dokumenterer bokbadet. Alle foto: Kjartan Helleve

vil vise det dei har skrive, dei vil ha forfattaren til å lese det og meine noko om det, seier Osland.

Ho har sjølv arbeidd som lærar, og det gjer desse vitjingane ekstra interessante.

– Det var fint for meg å sjå korleis dei hadde det med «sine» barn. Vanlegvis er jo klasserommet ei lukka verd for andre vaksne. Men eg var altså så heldig å få kome inn i denne verda. For mange barn var dette ei kvalitetstid som vi andre ikkje visste om, her var samtalar om tema som er for vanskelege og får for litatid elles, og her var ein tillit og eit samhald mellom elevane og lærarane deira som gjorde meg stum av beundring. Og reint lykkeleg for å ha fått vore med inn i. Eg kom jo der som ein framand!

– Merkar du at elevane er meir førebudde no enn tidlegare?

– I haust var eg i Etne og snakka om regn og vind og klima og boka Når det regnar i Afrika, og der hadde lærarane fått elevane til å skrive eigne bøker, dei hadde smykka ut skulen med kunstverk av ulike materiale og teknikkar, og dei hadde øvd inn ein ny rapp. Då er det jo ein fest å kome på vitjing! Og det såg ut som elevane hadde det fint også i det gode førebuingsarbeidet dei hadde

gjort i tillegg til lesinga si saman med lærarar og medelevarar! Ikkje tvil om at dei hadde lært noko om klima og vêr denne tida, fortel Osland.

Men ho ser også at kvardagen er travel for lærarane. Mange slit med å finne rom for dei heilt store førebuingane.

– No må forfattarvitjinga passe inn i planane. Før hadde ein eit tydeleg overordna mål: å lære barn å bruke morsmålet. Då passa det alltid med ein forfattar. Og lesing var svært viktig i så måte. Det er ikkje heilt slik hos alle no, i alle fall opplever eg det ikkje slik. Lesing blir ikkje prioritert på same måte hjå alle.

– Er slike turar forstyrrende for skrivinga?

– Å snakke med lesarar er sjølv sagt aldri forstyrrande. Hugs på at den som skriv for barn, mest alltid har lesaren med seg i skrivinga, han spør seg sjølv: Kan dette bli forstått av min vesle, urøynde lesar? Korleis kan eg seie det slik at det lettare kjem fram til lesaren? Å møte den barnlege lesaren vil alltid vere interessant, sjølv om ein ikkje lar seg styre i tema og form av han, meiner Osland.

VELSMURT OPPLEGG Tilbake på Nannestad ruslar Lars Mæhle mot bilen sin. Det er kaldt, og det har

fryse på innsida av frontruta.

– Eg nyttar éin til to månader i året på å reise rundt. Mykje av dette blir organisert gjennom den kulturelle skulesekken. Det er organisert og velsmurt. Så om eg berre planlegg godt, så er ikkje dette noko problem.

Av og til får han direkte førespurnader, og ofte etter at han har snakka for folk i ein meir vaksen samanheng.

– Det at du får eit oppdrag ein stad, kan føre til at du får nye oppdrag ein annan stad. Då tek ofte skulen direkte kontakt. Dei har hørt deg ein stad. Ein gong heldt eg eit føredrag for bibliotekarar, og då kom det kjapt ti-femten førespurnader etterpå. Så det ballar litt på seg, når ein kjem inn i den mølla. Eg er jo stundom eit nynorskalihi.

– Korleis då?

– Nei, dei treng nokon som kan snakke positivt om nynorsk og så tenkjer dei «ja, han der Mæhle skriv jo på nynorsk, han kan me få hit til å snakke om nynorsk.» Så det er ein del av det. Ikkje det beste utgangspunktet for ein samtale om litteratur, men eg tek slike oppdrag også, eg.

KJARTAN HELLEV
kjartan.helleve@nm.no

12 000 elevar med på nynorsk leseaksjon

Lærarar i heile landet frå bokmåls- og nynorskskular har meldt på 12 000 elevar til aksjonen **Tid for ti**. Dei får ein gratis antologi med utdrag frå ti bøker skrivne for målgruppa og ei eiga nettside knytt til aksjonen, tidforti.no.

– Vi er svært glade for at så mange har meldt seg på aksjonen. Det tyder på at nynorsk er etterspurt i skulen, og at lærarar og elevar er nysgjerrige på den nynorske litteraturen, seier prosjekteiar i Foreningen !les, Ole Ivar Burås Storø.

Tid for ti er kome i stand etter initiativ frå ei samla nynorskrolse og med støtte frå Norsk kulturråd. Sogn og Fjordane fylkeskommune, Landssamanslutninga av nynorskkommunar, Noregs Mållag, Nynorsk kultursentrum og Samlaget har vore blant støttespelarane til den nynorske leseaksjonen.

Foreningen !les ønskjer at aksjonen no skal etablere seg på 7. trinn.

– Det er eit ressursspørsmål, men vi ser eit tydeleg behov for litteraturtiltak for denne målgruppa, spesielt med fokus på nynorsk. Dessutan seier kompetansemåla at elevane skal lese eit breitt utval av tekstar på bokmål og nynorsk. Aksjonen kan samstundes vere ein nyttig inngang til ungdomsskulen, legg han til.

Janne Karin Støylen, formidlar ved Nynorskenteret, trur **Tid for ti** vil vere viktig for både nynorsk- og bokmålselever.

– Håpet er at nynorskelevane skal få betre språkleg sjølvkjensle, og at bokmålselevane skal få ein betre start når dei skal ta til med skriftleg nynorskopplæring i 8. klasse. Eg er veldig glad for at Foreningen !les engasjerer seg i dette, seier Støylen.

«**Tid for ti**» inneheld utdrag fra desse bøkene:

Keeper'n til Tunisia
av Lars Mæhle

Hjarteklapp av Hilde K. Kvalvaag

Svarte-Mathilda
av Tor Arve Røssland

Kjære søster
av Alf Kjetil Walgermo

Drakeguten av Asbjørn Rydland

Stian og Stine: Motorsykkelmysteriet
av Magnhild Bruheim

Fly, Thea! Fly! av Bente Bratlund

Skammarens dotter
av Lene Kaaberbol

Rekrutten, grafisk roman
av Robert Muchamore. Ill. av Ian Edginton & John Aggs

Veslebror ser deg
av Cory Doctorow

Hans ROSS - målre

I målrørsla har det vore ein tendens til å opphøga Ivar Aasen til heilagmenne. Men då høyrer det med at dei som stod nærest han i liv og bragd, må dragast noko ned. Dette har råka Hans Ross.

I mang ei bokhylle rundt i landet står ordboka til Hans Ross ved sida av ordboka til Ivar Aasen. Ivar Aasen og arbeidet hans kjenner vi. Han etterreiste det norske målet, og var såleis med på å forma identitet og sjølvkjensle hjå heile det norske folket – anten ein veit det og er glad for det, eller ikkje! Men Hans Ross veit dei fleste lite om. Han er eit namn på ein bokrygg. I det som er skrive om målreisinga i dei første tiåra, står det lite om Ross.

Boka hans har også eit smålåte namn. Norsk Ordbog. Tillæg til «Norsk Ordbog» af Ivar Aasen står det, endå tillegget er både større og tjukkare enn den første ordboka. Men ho er ikkje heilt lett å finna fram i, ettersom ordartiklane er forma som tillegg til Aasens. Gotisk skrift er det, og ‘tilleggs’ordboka har attpå til seks tillegg som står for seg sjølv bakarst. Dermed blir det kanskje ikkje så ofte ein slår opp.

Då eg kom i gang med norskstudiet, la eg merke til at fagfolk ofte verka noko tvihuga der som Hans Ross kom på tale. Visst samla han ei mengd med ord. Men var det verdfulle ord, ord ein treng? Var det eigentleg nødvendig å samla meir, etter Aasen? Kva var i det heile vitsen med samlingane til Hans Ross? Spørsmåla vart vel aldri ordlagde beint ut, og fekk dermed heller ikkje svar. Følgja vart i alle fall at ordboka til Ross sjeldan vart rådspurd, av meg eller andre, og personen Hans Ross kom reint i skuggen.

KVEN VAR HANS ROSS? Hans Ross var presteson, fødd i 1833 på garden Fodnebø i Holum i Vest-Agder. Han voks opp på Sørlandet, og vart dermed særleg fortrolig med ein del av landet som Aasen ikkje kjende så godt. Og han var embetsmannsson, ikkje bondeson som Aasen. Han kom til å sjå og oppleva sterkt den omstillinga og målbrytinga som dei norske ‘dannede klasser’ måtte gjennom i førre hundreåret, før det var klart for dei at dei språklege banda til Danmark ikkje kunne haldast ved lag. Både i ordboka og i oversynsverket Norske Bygdemål er det mange merknader og innskot som syner kor **var** han var for samanhengar mellom språk og sosial status eller funksjon. Men tida for sosiolingvistikk som eigen fagdisiplin var enno ikkje komein, så denne interessa fekk han ikkje utnytta skikkeleg i vitskapleg samanheng.

Det var møtet med Det norske folkesprogs grammatik (1848) av Aasen som overtydde gymnasisten Hans Ross om at Noregs språklege framtid var røtt i målføra, og ikkje i norskdsken. Han vart tidleg oppteken av den nasjonale reisinga som gjekk over Europa i samtidia, og såg målreisinga i Noreg som lekk i ei brei, historisk og folkeleg rørsle for kulturell og politisk sjølvråderett. Dette synet heldt han på heile livet, og det kjem fram både beinveges og etter omvegar i skriftene hans. I eit stort foredrag på amtslærarmøtet i Skien i juni 1878 gjorde han greie for korleis han såg på den norske målreisinga, jamført med målreising og språkutvikling i andre europeiske land. Han såg på det at talespråk fekk skriftleg uttrykk, vart

dyrka fram til kulturmål og dermed trengde unna det skriftmålet og den kulturen som før rådde, som ein naturnødvendig prosess. Dette synet fann han teoretisk støtte for hjå den tysk-engelske komparative filologen (Friedrich) Max Müller, som han nemner som ein viktig inspirator.

Ross hevda her sterkt at det var lydverk og bøyningssystem som avgjorde kva for språk ei ytring høyrdet til. Og stegvis fornorsking av det danske lydverket og bøyningssystemet trudde han ikkje på. Slik kunne nok gå i skjønnlitteratur med folkeleg preg, men i høgprosa ville dei lånte formene koma til å «føles som disharmoniske, som tilhørende et andet sprog, eller som «simple» (Ross 1878:7). Gloselân frå norsk til dansk trudde han heller ikkje på som middel til fornorsking. Ordlân endra ikkje språket, anten lånordet vart tilpassa bøyningssystemet i låntakarspråket eller ikkje.

Ross var overtydd om at dansken i Noreg mangla framtid, av di han ikkje hadde rot i folkemålet. Noko provoserande seier han at det hender at «Københavneren skriver mere **norsk** en Kristianiamanden»:

Dansken **kan** nemlig sit sprog, beveger sig i det som fisken i havet; mens vi ikke **kan** Dansk skikkelig, men ligger og spræller og gisper i vasspytterne, som staar igjen i fjæren etterat ebben har ført de store vande ut.

(Ross 1878:7)

Etter Ross si mening var Fiskerjenten tittelen på ei dansk bok. Han såg ingen grunn til å kalla språket til Bjørnson for dansk-norsk og omtala forma jenten som «den for et norsk Øre utækkelige Hermafrodit». Det er lett å skjøna at slik tale måtte falla motstandarane av målreisinga tungt for brystet.

PROFESSORSTRIDEN Av brev og foredrag som Ross let etter seg, får ein stadfest inntrykket av at han var ein openhjarta og heilhuga mann, utan særleg tanke for kva som løner seg for ein sjølv. Det foredraget som er sitert ovanfor, kom såleis til å telja sterkt mot han i 1881, då Stortinget ville gjera han til professor i norsk folkemål ved Det Kongelige Frederiks Universitet. I det konkluderande avsnittet i mindretalsfråseguna fra historisk-filosofisk fakultet, som departementet seinare la til grunn for avgjøra om å ikkje gje Ross dette professoratet, blir det vist til dette foredraget. Så heiter det:

Hr. Ross ser efter vor Mening de norske Dialekters forhold til vort Skriftsprøg, hvormed de gjennem Århundreder har staaet i rik Vexelvirking, i et meget ensidigt Lys og ikke væsentlig fra Videnskapens objektive Standpunkt ... Og ikke mindst paa Grund af denne Hr. Ross's her fremhævede efter vor Mening skjæve Opfatning af vore Sprogforhold anse vi det for lidet ønskelig, at der tillægges ham den videnskapelige Autoritet, som en Lærerpost ved Universitetet giver. (Sit. Etter Departements-Tidende 1881:682)

Nå var det mange grunnar til at denne profesorutnemninga vart omstridd. Hans Ross skal likevel ha teke seg svært nær av denne fråseguna, ikkje minst av di både Sophus Bugge og Johan Storm var med og skreiv under. Seinare søkte han departementet om å få halda fram som statsstipendiat, og då han fekk tilbod om eit professorat i 1886, ville han ikkje ha det. Moltke Moe vart vår første professor i norske folkespråk og folketradisjon.

Men for målfolket var det umåteleg viktig at vitenskapsmannen Hans Ross tala så beint ut, på grunnlag av nyvinningane i sitt eige fag. Garborg sa at in-




Foto: Ludwik Szaciński

gen hadde lært han så mykje om språkspørsmålet i Noreg som Hans Ross. (Jf. Garborg 1877:4)


Nokre år etter professorstriden losna det likevel for Ross. Sjølv om det kom innvendingar mot samlararbeidet hans seinare og, fekk han fullført ordboka, og det vart ordna med midlar til utgjeving. Ho var ferdig prenta i 1895, og vart motteken som eit «Nationalværk» (Torp 1896). Ross vart og innvald i Videnskapsakademiet, og fekk full godkjennung av fagfellane sine.

Dei siste tiåra gjekk med til å ordna og få ut det han hadde samla; først ordboka med ein serie tillegg, deretter verket Norske Bygdemål (1905–9), der han tok for seg målføregruppene i ein serie monografiar. I innleiinga såg han på heile Skandinavia som eit målveld, og drog hovudgrensene utan omsyn til statsgrenser i Norden. Det er ein inndelingsmåte som ein er komen attende til no i det siste tiåret.

Mellom grå eminensar i dei første tiåra til målreisla må Ross vera den fremste, og den minst åtgådde. Alt i 1867 fekk han prenta hefte som inneheldt småstykke med populær lesnad på landsmål som han selde når han var ute på ordsamlingsferd – Lauvduskar kalla han dei.

Hefta vart seinare samla til små bøker, seks i alt². Slik syntet han at nynorsk bokutgjeving kunna svara seg, og skaffa det økonomiske grunnlaget til å setja i gang Det Norske Samlaget (Djupedal 1968:40f). I mange år arbeidde han som styremedlem, språkrettar og forlagskonsulent for Samlaget. Han vart rådspurd av forfattarar som skulle gje ut litteratur med målførepreg. Mellom anna hjelpte han Sivle med vossastubbane og Amalie Skram

isar og leksikograf



med replikkane i Hellemyrssfolket³. Han var av dei første som nyttet målføret til forteljaren når han skrev opp eventyr og andre folkeminne.

Det utsynet over kultur, politikk og åndsliv som Ross skaffa seg i ungdomsåra, heldt han fast ved heile livet. Hovudpunktet tok han opp att i det siste⁴ eigne skrifte han gav ut, ein artikkel med titelen *Race. Nation. Sprog* (1909). Her gjev han utsyn for korleis han ser framtidia for norsk språkutvikling i det siste avsnittet:

de to Sprog udi dette land vil gaa ved siden af hinanden gjennem Tider, indtil det hjemlige har optaget det indførte, hvad det har Kultur-Behov for, særleg **internationale Ord**, og udskilt resten; saa der til Slut bliver **eet** norsk Sprog, som ikke er væsensforskjelligt fra «Landsmaalet». Det vil maaske gaa meget raskere og fuldstændigere, som der – naar man undtager et Stykke Kvænsk og Lappisk Finnmark – ikke er nogen sammenhængende Del af Norges Land, hvor Folkets store Masse taler andet end norsk Dialekt.

Ross vart fagna med fest, artiklar og talar då han fylte 70 år, og igjen på 80-årsdagen i 1913. Han døydde i 1914.

KVA SLAGS PROSJEKT? Eit drag ved Aasens arbeid som alltid imponerer, er den klare planen han har for arbeida sine. Kvart prosjekt er gjennomtenkt og planlagt, og utføringa er velordna og kontrollert.

Slik er det og med ordboka. Aasens føremål var å laga ei høveleg stor ordbok for eit sams, offisielt riksspråk. Når ein held **det** for auga, er avgrensingane av ordfanget gode og rimelege. Norsk Ordbog er det fullborne resultatet. Her hadde han ikkje berre ein dokumentasjon av at det norske språket var eit rikt og sjølvstendig språk. Han hadde også laga ei mellomstor ordbok som kunne gjeva nytta som oppslagsverk for eit framtidig norsk riksspråk. Norsk Ordbog er ikkje ei reint deskriptiv ordbok, ho har også eit normativt føremål.

Eg vil kasta fram den tanken at Ross i røynda byrja på **eit anna ordboksprosjekt**. Prosjektet hans var ei fullstendig framstilling av alt leksikalisert heimleg tilfang i levande bruk i norske målføre. Resultatet skulle ikkje først og fremst vera eit mønster for framtidsmålet, men eit status quo: ikkje ei framsyning av korleis eit moderne norsk riksspråk bør sjå ut, men eit bilet av ordbruk og dermed av arbeidsliv og åndsliv i norske bygder i fortid og samtid. I prosjektet til Ross trengst det samansetningar, avleiringar, uttalevariantar og heimfestingar i full mon, for han skal syna språket i bruk og ordlagninga medan ho skjer. Mykje av det Aasen vraka til sitt prosjekt, ville Ross teke med i sitt, ikkje av di han vurderte det som meir sentralt enn Aasen gjorde, men av di **det biletet han ville gje av norsk mål, var eit anna**. I framhaldet av nynorsk leksikografi har Aasens verk fått eit etterfølgjar i Nynorskordboka, medan Norsk Ordbok blir redigert meir i Ross si ånd.

Det er ikkje dermed sagt at Ross var klar over kva lei det bar i då han gjekk i gang. Er det noko som verkeleg skil desse to ordsamarane, så er det arbeidsmåten. Aasen hadde planane klare for kvart prosjekt, og tok seg tid til å etterprøva og omarbeida dei etter som tilfangen kom inn, slik at alt stoff vart innordna i eit nøyne gjennomtenkt system. Ross vart i større grad driven av rein samlarglede; det var yta på språket som trollbatt han, med alle sine skiftingar og avbrigde. Ross meinte nok i utgangspunktet å halda seg til Aasens utvalskriterium og redaksjonsreglar. Det finst samtidige vitnemål for det (Larsen 1913:178). Men tilfangen og meldingane til Universitetet om samlarbeidet syner at det vart annleis. Og då var ikkje Ross den strenge systematikaren som gjorde opp status og gjekk i gang med å ordna tilfangen etter andre premissar.

Ross villeier oss derfor ikkje så lite når han kalla boka si eit **tillegg** til Aasens Norsk Ordbog. Som ordbok av sin type og til sitt føremål er boka til Aasen er fullstendig og treng ikkje noko tillegg.⁵ Ordboka til Ross er redigert etter andre prinsipp og i mangt ulik boka til Aasen, fordi ho tente andre føremål. Denne ulikskapen blir til feil og prov på dugløyse hjå Ross, når ein jamfører dei to prosjekta med utgangspunkt i eit krav om redaksjonsnelliidentitet.

Eg trur at Ross forma tilfangen sitt som eit tillegg til Aasen først og fremst av di han ikkje ville gjera dobbelt arbeid. Det går fram av dei årlege arbeidsmeldingane til Universitetet at han såg feltarbeidet som det viktigaste; kvar dag gjekk det tilfang tapt som burde ha vore berge. Tidleg i samlarbeidet nemner han at han ikkje tok seg tid til «den «Præcisering af Betydninger og de Undersøgelser af Forholdet til beslægtede Sprog etc., som hører til en moderne Ordbog». «Noget saadant var heller ikke i min Tanke, i det jeg følte mig mere oplagt til Indsamler end til Lexicograf», skriv han same staden (Indberetning til Akademisk kollegium m. bilag 1877/78). Då ordboka hans låg ferdig og føreordet skulle skrivast, var han og pinleg klar over at bøkene ikkje høvdde så godt i hop. Men å få

arbeidd saman dei to ordbøkene måtte bli ei oppgåve for ein tredjemann.

ETTERMÆLE Eg meiner Ross er blitt undervurdert av ettertida. Dels kjem det av den negative omtalen hans gav seg sjølv, dels kan vel seinare ordskifte og målpolitiske stridsspørsmål ha gjort det vanskeleg å vurdera han rettvist.

Det at Ross var ein tvilar, fekk ei viktig og positiv følgje for ordboka. Han la stor vekt på å få mange og gode døme på bruk. Dette er ei kjelde til språkvitskapleg innsikt som på langt nær er unntatta, ikkje minst når det gjeld setningsbygnad.

I målrørsla har det vore ein tendens til å opphøga Ivar Aasen til heilagmenne. Aasen er – med rette – eit symbol for nynorskfolk. Men då høyrer det med at dei som stod nærmast han i liv og bragg, må dragast noko ned, så det blir fråstand mellom symbolet og dei døyelege. Dette har råka Ross. I universitetsmiljøet vart han mistrudd og halden utanfor gjennom den viktigaste arbeidsbolken sin. Dermed han heller ikkje der fått eit ettermæle som gjer han så nærverande for språkgranskaran i dag som han burde vera.

ODDRUN GRØNVIK

Denne artikkelen er ei forkorta utgåve av ein artikkel om Hans Ross i *Ord og Mål. Festskrift til Magne Rommetveit*. 1989. Oslo. Kringkastingsringen. s. 91-111.

MERKNADER

- Høyerstad 1939 gjev eit fyldig referat av professorstriden. Referansar til stortingsdokumenta finn ein m.a. D.A. Seips artikkel om Ross i *Norsk Biografisk Leksikon*.
- Nr I, II og IV vart redigerte av Hans Ross, nr V og VI av A. Seippel.
- Jf. fleire brev dagsette juni 1887 frå Hans Ross til Amalie Skram, i *Handskriftsamlinga i Universitetsbiblioteket* (Ms 3337 Skougaard).
- Småstubar tila vis og blad heldt han fram med å skriva. Eit døme er «Tønnes Tørresen fraa Mandal», i *Theaterkatten* 7 (1911).
- Aasen gjorde merksam på tilfang som han kjende til men ikkje fekk innarbeidd, og på at det framleis var mykje som ikkje var samla (1873:XVIII). Dette vog ikkje så tungt for han at han let det seinka eller hindra sitt eige prosjekt, og han må dermed ha sett det som underordna.

LITTERATUR

- Djupedal 1965: Djupedal, Reidar: Ivar Aasen på Strilelandet. *I Frå Fjon til Fusa. Årbok for Nord- og Midhordland sogelag*, 1965 s. II-43.
- Djupedal 1968: Djupedal, Reidar: Ei framtid på borg. I *Det Norske Samlaget 1868-1968* s. 290-58.
- Departements-Tidende 1881 s. 673-700 og 706-708.
- Garborg 1877: Garborg, Arne: Den ny-norske Sprog- og Nationalitetsbevegelse. Kristiania 1877.
- Høyerstad 1939: Høyerstad, Torstein: Hans Ross og professoratet i norsk folkemål, 1881-84. I *Heiderskrift til Gustav Indrebø*, Bergen 1939 s. 64-86.
- Larsen 1913: Larsen, Amund B.: Hans Ross. Mindetale i viden-skapssekskapet 23de oktober 1914. I *Maal og Minde* 1914 s. 177-180.
- Ross 1860: Ross, Hans: *Europe as it ought to be at the end of 1861*. London 1860.
- Ross 1878: Ross, Hans: *Maalreisningen her hjemme, belyst fra udlandet*. Stavanger 1878.
- Ross 1895: Ross, Hans: *Norsk Ordbog. Tillæg til «Norsk Ordbog» af Ivar Aasen Kristiania 1895*, uendra opptrykk Oslo 1971.
- Ross 1909: Ross, Hans: *Race. Nation. Sprog*. Kristiania 1909.
- Ross 1905-9: Ross, Hans: *Norske Bygdemål*. Christiania 1905-1909.
- Ross (red) 1868-81: *Lauvduskar. Samling av ymse småstykke*, utgj. av Det norske Samlaget I-II og IV, Chra. 1868, 1881.
- Torp 1896: Torp, Alf: Hans Ross: *Norsk Ordbog*. Bokmelding. I *Dagbladet* nr 25, 26.II.1896.
- Aasen 1873: Aasen, Ivar. *Norsk Ordbog*. Kristiania 1873.

Frå handskriftsamlinga ved Universitetsbiblioteket i Oslo:
Ms fol 3337 Skougaard: Tre brev frå Hans Ross til Amalie Skram. Ms 40 652: Hans Ross: Indberetninger til Akademisk kollegium m. bilag 1877/78-1894/95.

GALISISK

SPRÅKET SOM VART DIKTA FRAM ATT

Den 17. mai kvart einaste år samlar folk i Galicia seg for å feire språket sitt, **galisisk**. Dette språket og nynorsk ber med seg mange likskapar, både i fortid og notid. Men medan nynorsk opphavleg spring ut frå eit språkvitskapleg arbeid, tok galisisk skriftspråk form først gjennom diktekunsten, skriv Ole Våge.

I det nordvestlege hjørnet av den iberiske halvøya ligg Galicia, ein spansk region med andletet mot Atlanterhavet og eit eige språk som vert tala av 2,3 millionar menneske, litt avhengig av korleis ein tel. Sjølv om undersøkingar syner at mange unge går over til å nyte spansk (kastiljansk), held galisisk stand som eit levedyktig språk på mange samfunnsmiljø. Det er ikkje sjølvsagt. Framveksten av galisisk minner oss stundom om målstriden på heimlege trakter. Historia om galisisk skriftspråk har ofte vore prega av kamp mot det dominerande spanskspråket, men kanskje like ofte også av ein kamp mellom galisiarane sjølve.

FØRST KOM LYRIKKEN Den 17. mai 1863 kom det ut ei diktsamling med tittelen *Cantares Gallegos* av Rosalía de Castro. Boka hennar hadde sprengkraft. Gjennom 35 dikt på 152 sider blåste Rosalía liv i eit skriftspråk som hadde vore uverksamt i fleire hundre år. I mellomalderen vart det i den vestlege delen av halvøya talt og skrive såkalla galisisk-portugisisk, eit språk som etter kvart kom til å utvikle seg i to retningar, nasjonalspråket portugisisk og talemålet galisisk. Galisisk kom ikkje til å utvikle seg til eit skriftspråk, langt mindre til eit nasjonalspråk. Det var kastiljansk-spansk som skulle bli hoffspråket i Spania i mellomalderen, og som dermed fortengde galisisk (og fleire andre iberiske språk). Galisiarane hugsar denne tida som dei mørke hundreåra, Séculos Escuros. Men medvitet om eit eige språk fanst. Det overlevde i talemålet.

Diktsamlinga til Rosalía markerte byrjinga på ei litterær og kulturell rørsle (o Rexurdimento – etterreisinga) som hadde som prosjekt å skriftfeste galisisk, først i lyrisk form, seinare i andre sjangrar. Det var ikkje enkelt. Langt på veg måtte Rosalía og andre diktarar skape eit nytt skriftspråk, dei hadde i mindre grad kjennskap til mellomalder-

tekstane. Rosalía tok difor utgangspunkt i talemålet i Santiago de Compostela, men nyttet etter kvart også dialektformer frå andre stadar i Galicia. Samstundes var ho ikkje fri for å ta inn spanske former. Eit talemål er aldri einsarta, det kjenner vi att her til lands. Den nye galisisken var difor inkonsekvent og vakla i ord- og formval. Rosalía vart kritisert av mellom andre diktarfrenden Xoán Manuel Pintos, som avviste alt som fall saman med spansk. Han meinte at det galisiske språket måtte finne sin eigen veg og skapte difor ei rekje galisiske ord som på sett og vis var kunstige. Slik purisme har heller ikkje vore heilt ukjend heime hos oss. Denne spenninga mellom to ståstadar for kva retning galisisk rettskriving skulle ta, kom også til å prege språkdebatten seinare.

Trass i innvendingane var det tvilauast ei stor bragd å gje ut *Cantares Gallegos*, ei utforsking av eit nytt skriftspråk og ein eigen kulturell galisisk arv, som var temaet for dikta til Rosalía. Dikta tok for seg skikkjar, folketru, høgtid, pietisme, kjærleik, utvandring osb. Diktsamlinga såg såleis både bakover og framover. Det attdikta språket knytte saman folketradisjon og framtidsvon for ein del av Spania som oftast var neglisjert.

FOLKEMÅLET PÅ ALVOR Medan det var den litterære rørsla som gav språket liv, var det språkvitarane som gav det struktur. Etter dei første dikttutgjevingane kom dei første grammatikkane og ordbøkene på galisisk på slutten av 1860-åra, til dømes *Diccionario Gallego* (1868) av Xoán Cuveiro Piñol. Ikkje overraskande vaks galisisk fram samstundes som Ivar Aasen var godt i gang med det språkvitskaplege arbeidet sitt, det var felles tankestraumar om nasjon, kultur og språk som rådde i Europa på den tida. Men medan nynorsk på sett og vis opphavleg var eit språkvitskapleg prosjekt, var galisisk i utgangspunktet eit litterært prosjekt. Begge tok folkemålet på alvor.

Litterær styrke gjev ikkje nødvendigvis politisk makt. Det var først og fremst intellektuelle og yrkesutøvarar i byane i Galicia som stilte seg bak språket. Overklassa ville ikkje setje på spel privilegium og politisk makt, medan bønder og folk på landsbygda vart haldne på sida. Her kan ein skyte inn at den katalanske språkkampen fekk kraftigare vind i segla fordi det katalanske borgarskapet støtta han. Likevel fekk dei galisiskskrivande i 1905 skipa eit slags offisielt språkråd eller språkinstitutt for galisisk, Real Academia Galega. Språket hadde slått rot, det var tid for å gje det stabile former gjennom ei offisiell ordbok. Ho kom ut i fleire bind mellom 1912 og 1928.

Samstundes vaks ein ny og ambisiøs generasjon av galisiskskrivande fram. Dei utforma eit nasjonalistisk program for utstrekkt sjølvstyre for Galicia og organiserte seg i lag (Irmandades da Fala) med eiga avis i ulike delar av regionen. Galisisk skulle ikkje berre vere eit litterært språk, det skulle verte eit berande kulturspråk på nivå med spansk, fransk og tysk. Galisisk skulle vere eit språk for politikk og eit språk for vitenskap. Nye bruksområde skulle eroobra, det ein no til dags gjerne kallar for domeneerobring i språkplanlegginga. Den nye krafta fekk likevel ein brå slutt med den spanske borgarkrigen og Franco-diktaturet ved makta. Språket forsvann frå det offentlege rommet, og fleire aktivistar gjekk i eksil. Ei ny mørketid for galisisk tok til. Den litterære høgborga Buenos Aires 9 900 kilometer unna vart den nye heimstaden til utgjevingar på galisisk i denne perioden.

NY BLØMING Med demokratiseinga i Spania i 1970-åra opplevde galisisk ei ny bløming, på same måte som fleire andre minoritetsspråk i landet. Mange av regionane vart autonome med meir sjølvstyre, Galicia var blant dei første. Ikkje berre fekk regionen eigne sjølvstyredekter, men



Ilustración: reizentolo

han fekk også ei språkløv i 1983. Galicia som politisk eining i det nye Spania var jo langt på veg bygd på tanken om eit eige galisisk språk, i motsetnad til Baskerland, der tanken om eit eige folk stod sterkt. Men



EGO



150 anos de “Cantares Gallegos”

språklova vart ei heit potet. Ho vart først forkasta av grunnlovsdomstolen i Madrid. I den opphavlege versjonen stod det at alle innbyggjarane i Galicia hadde plikt til å kunne galisisk og rett til å nyte det. Det

vart for sterkt kost for sentralregimet i hovudstaden. Spansk var språket alle skulle kunne i Spania, og det var forankra i den spanske grunnlova. Denne privilegerte statusen til spansk skulle ingen kunne utfordre,

“ Galisiarane fører ein seig, tolmodig og pragmatisk språkkamp med krafta frå Rosalía de Castro. Steg for stege. Ord for ord.

Ole Våge

Jubileum: 150-årsjubileet til *Cantares Gallegos* i 2013 vart feira med ein svær festival, der ein kunstnarleg sminka forfattar var blikkfang.

sørover mot grannelandet Portugal. Felles historiske språkrøter gjorde at fleire ville at ein skulle normere galisisk så tett opp til portugisisk som mogleg. Nokre ville jamvel slå dei to språka saman. Den seinaste rettskrivingsnormalen frå 2003 var eit forsøk på å samle dei ulike leirane. Ikkje overraskande syntet det seg vanskeleg. Sluttresultatet vart stort sett eit galisisk på eigne bein, men med ein del valfrie former som er felles med portugisisk. Ikkje alle aksepterte det, og ein finn i dag nokre få, men røystesterke galisiarar som nyttar ein alternativ normal basert på portugisiske rettskrivingsreglar.

Sjølv om rettskrivingsdebatten framleis held fram, er det nok språkbytet som uroar dei fleste. Språkpolitikken har ikkje klart å stogge tendensen til at mange galisiarar går over til å nytte spansk. Det gjeld særleg dei unge. Ein ser mange tilfelle der foreldra er galisisktalande, men borna deira nyttar primært spansk. Borna er altså tospråklege, men med galisisk som det svake språket. Det er altså først og fremst eit tap mellom generasjonar. Språkforskarar knyter det gjerne til låg sosial prestisje. Undersøkingar syner at sjølv om statusen til galisisk er høgare enn før, vert spansk framleis rekna som prestisjespråket. Somme meiner at galisisk står i fare for å verte «eit kjøkkenbordspråk» på lang sikt.

Den galiske språkkampen er ikkje heilt som den katalanske og baskiske. Galisiarane fører ein seig, tolmodig og pragmatisk språkkamp med krafta frå Rosalía de Castro. Steg for stege, ord for ord. Men dei kan også gje lyd frå seg. Rett før jul sende utdanningsråden for den galiske byregionen A Coruña ut eit offisielt julekort på spansk og med den spanske skrivemåten til byen (La Coruña). Då vart det bråk. Det er uvisst om det var medvitsløyse eller provokasjon. I Spania og i Galicia veit ein at det ofte kan vere det siste. Det har galisiarane vore vande med i fleire hundreår. Men krafta frå Rosalía ber dei med seg, og kvar 17. mai minnest dei diktekunsten og språket.

OLE VÅGE

Ole Våge har ein ph.d.-grad med spansk språk i fagkrinsen. Han arbeider til dagleg som seniorrådgjevar i Språkrådet.



Vi tek skipsbygginga tilbake til Noreg



SYNNØVE MARIE SÆTRE
Leiar i Norsk Målungsdom



Glade målungdomar vel heime frå skitur.

Foto: Jorunn Simonsen Thingnes

Vellukka vinterleir

I januar var over 30 målungdomar samla på Stange til vinterleir.

Folk hadde kome både stutt- og langvegs frå: Målungsdomar heilt frå Nordreisa i nord til Alsdorf i Tyskland i sør hadde kome til leirstaden Haraset for ei helg med leik, moro og språkpolitisk påfyll.

På fredag stod éi fellesinnleiing på programmet. Då snakka Eli Bjørhusdal om framtidas språkpolitikk. Hovudspørsmåla var: Bør ein ha ei positiv differensiering av nynorskelevar, og korleis kan ein argumentere for det? Etter innleiinga var det ordskifte, både i mindre grupper og i plenum. Det var tydeleg at temaet engasjerte, for ordskiftet gjekk godt til langt over middags-tid, og heldt for mange fram over matbordet.

På laurdag var det tradisjonen tru skitur for dei som ville. Snø-forholda på Stange var gode, og mange kom til lunsj med store smil og raude kjakar. Dei som ikkje ville gå på ski, fekk heller utfalte seg kreativt framom peisen. I høve 55-årsjubileet vårt i år har strikkenemnda i sentralstyret laga eige NMU-mönster, i grafisk profil og med logo. Strikkenemnda heldt sjølv kurs i mønsterstrikk, og i løpet av helga vart fleire NMU-vottar og NMU-panneband klare til bruk.

Høgdepunktet på programmet laurdag var for mange kurset i praktisk retorikk. Marie Louise Tank, som underviser på UiO og som jamleg heldt kurs i retorikk for store bedrifter, lærte oss korleis me på best mogleg måte når fram med bodskapen vår. Hovudpoenget hennar var at ein ikkje skal vere så beskjeden. Då passa det bra at programmet på sundag starta med kurs i å stå på stand. Mange kan kvi seg for å stå så utsett til for hogg, men del-

takarane som vitja punktet vart godt budde både til å diskutere og verve nye målungdomar. For dei som ynskte ein mjukare start på dagen, var det òg innleiingar om kvinner i krig og om populærmu-sikk frå Mjøsa-traktene.

Det siste fellespunktet på programmet var språkrådsdirektøren sjølv, Åse Wetås. Ho snakka om framtida til språka våre, og poengterte mellom anna at lærarutdanninga må betrast og endrast dersom lærarane ein ut-dannar i dag, skal kunne gje god sidemålsundervisning i framtida. Dette var god inspirasjon for det vidare arbeidet vårt. Likevel er nok sjølv leiren den beste inspirasjonen ein kan få. Anten ein er ute etter fagleg påfyll, ein god normdiskusjon eller å slappe av og spele spel, gjer det godt å møte andre med same ståstad og interesse. Så når Nordmannen runga i stova på Haraset ved leirslutt, kunne ingen ein venare stad sjå.

KIRSTI LUNDE

Dialektprisen til Kvammen

Norsk Målungsdom har kåra Daniel Kvammen til vinnar av Dialektprisen for 2015.

– Ein viktig del av grunngjevinga for at me gjev prisen til Kvammen, er at han er med på å styrkje dialektane heime i Hallingdalen. Som ein av dei mest populære og framgangsrike artistane i Noreg i dag, bidreg Kvammen til at fleire, særleg unge, kan verte trygge på dialektene si. Det seier leiar i Norsk Målungsdom, Synnøve Marie Sætre. – Det kjem den einskilde dialektbrukaren til gode. Det å få sjå og høre sitt eige mål i andre samanhengar enn den lokale, er ofte det som gjer oss stolte, utdijupar ho.

– I dag er dialektmangfaldet på Austlandet under sterkt press,

og Hallingdalen er ikkje noko unntak. Når dialekten slit med fråfall, og fleire føler at han ikkje er god nok, er det av umåteleg stor verdi at nokon lyftar fram dialekten og får unge folk landet rundt til å syngje med på kav halling at «du fortunar ein som meg», sa Sætre under utdelinga.

– No vart eg rørt. Det er stor stas å få ei slik påskjønning for noko eg er så oppteken av sjølv, sa Kvammen då han fekk prisen.

– Eg var tidleg medvit om språket eg brukar, og eg håpar eg kan nå ut til unge med det.

PRISVINNEREN Daniel Kvammen (f. 1988) kjem frå Geilo, og har på kort tid slått seg opp som



NMU-leiar Synnøve Marie Sætre saman med prisvinnar Daniel Kvammen. Foto: Kirsti Lunde.

låtskrivar og musikar. Han debuterte som soloartist i 2015 med albumet *Fremad i alle retninga*.

Snakk om språktoleranse

– **FOR HALDNINGANE** du har til språk, språktoleransen din, er med på å avgjere andre sine moglegeheiter til å nyte språket sitt, seier eg. Med det avsluttar eg timen, og lèt elevane springe vidare for å ha gym. Ein av dei stoppar ved kateteret på veg ut av klasserommet. – Det der har eg aldri tenkt på før, seier ho. – Eg skriv jo ofte negative ting om nynorsk på Twitter når eg jobbar med tekstar på sidemål. Det er jo berre slikt som alle gjer, men eg har liksom aldri tenkt over at det kan ha noko å seie for andre, held ho fram.

ME ER NETT FERDIGE med fyrste time mandags morgen, og eg veit ikkje kven som var trøyttast av elevane og meg. Måndags morgen, trøytte elevar og målfarar eller ei: Få ting gjer så godt som å ha brukt 90 minutt på å røske litt i verdsbiletet til 30 elevar, og sjå at ein har røska lenge nok til å løyse opp eitkvart, og at det har falle attende på riktig stad. Få ting gler ein målfarar meir enn å høyre at bodskapen har nådd fram, og at ein får nett den attendemeldinga ein ynskjer.

SJØLV OM DET ER FLOTT å sjå at me verkeleg oppnår noko med målferdene våre, og at me kan medverke til at elevar tenkjer gjennom kva for språkhaldningar dei har, er det likevel tankevekkjande at elevar kan gå tolv år på skulen utan å ha blitt utfordra på nett det. At elevar lærer både nynorsk og bokmål, men aldri har skjøna kvifor. At dei aldri har reflektert over at negative ytringar om eit språk kan ha noko å seie for dei som brukar språket. Dette gjeld sjølv sagt ikkje for alle elevar, men støtt og stadig møter me i Målungsdomen elevar som får seg ei lita aha-oppleving når me er på besøk.

AT UNGDOMAR KJEM med negative ytringar om andre ungdomar sitt språk, berre fordi det er noko alle gjer, er sjølv sagt ikkje greitt. Dette påverkar korleis fleirtalet tenkjer om mindretalet sitt språk, og det set den språklege sjølvkjensla hjå mindretalet på prøve. Elevar må ikkje berre lære språk, men òg lære kvifor dei lærer det. Undervisninga i skulen bør byggje opp gode haldninga til språk hos elevane, og skulen må vere ein sterk bidragsytar for å få på plass ei reell jamstilling mellom nynorsk og bokmål. Norsk Målungsdom skal sjølv sagt ta vår del av svaret. Me vil halde fram med å snakke med elevar om språk og språktoleranse, og vonleg medverke til å gje endå fleire ei aha-oppleving.

Gåver til Noregs Mållag

Mellan 17. oktober og 20. januar fekk
Noregs Mållag **285 070** kroner i gåve.
Det er smått utruleg. Tusen takk!

AUST-AGDER MÅLLAG

Sverre Aalvik
Scott Aanby
Torrfinn Brokke
Telleif Engenes
Kristine Foss
Rolf Fredriksen
Gunhild Nybø Hagane
Torleif B. Harstad
Johannes Havstad
Olav Hoftuft
Knut K Homme
Ragnar Kaasa
Jorunn Lande
Gunnar E. Lande
Hans-Olav Lauvstad
Jon Kolbjørn Lindset
Tarald Myrum
Rune Nylund
Anne Oland
Signe Alise Olstad
Sigrid Bjørg Ramse
Øystein Rød
Astrid Stuestøl Sandkjær
Helge Ove Tveiten
Ingebjørg Vegestog
Olav Vehus
Jens Vellene
Olav Torj Åkre

AUSTMANNALAGET

Ingerid Berntsøn
Oddbjørg Blakar
Jon Steinar Bredeveien
Råmund Bruheim
Per Brumillom
Ivar Bungum
Kari Anna Bækken
Inger Johanne Dæhlen
Gunnar Eide
Ingvild Marie Eknes
Frode Erstad
Brynhild Marie Foss
Tordis Irene Fosse
Kjell Gulbrandsen
Haldis Hage
Olav Haraldseid
Magnhild Harsheim
